

2. tertialrapport 2020

Vindafjord kommune

Kommunedirektøren sine kommentarar

Kommunedirektøren legg med dette fram 2. tertialrapport for 2020. Føremålet med tertialrapporten er å vurdere drifta i forhold til dei mål og rammer som vart sett i budsjettet og justert i 1. tertialrapport, slik at ein eventuelt kan endra kursen/innsatsen der det er naudsynt. Hovudfokus i rapporten er på økonomisk status.

Koronapandemien i Vindafjord kommune hittil

Drifta av Vindafjord Kommune er så langt i 2020 sterkt prega av handteringa av utbrotet av Covid-19. Store delar av første halvår hadde ein berre fokus på å handtere virusutbrotet og problemstillingar som oppstod i samband med dette, mellom anna oppretting og drift av avdelingar til smittetesting, omlegging til heimeundervisning medan skular var stengde, handtering av mangel på smittevernustyr og plan for utvida reinhald. Samstundes klarte kommunen å ivareta den "løypane" drifta så langt som mogeleg, med stor bruk av heimekontor for dei tilsette som kunne nytte dette. Dette har vore mogeleg som følgje av tilpassingsdyktige og positivt instilte tilsette i kommunen.

Sjølv om kommunedirektøren frå medio mai har lagt til grunn at handtering av Covid-19-utbrotet er ein del av "den nye normale" drifta i kommunen, er det ingen tvil om situasjonen krev ein god del ressursar, både økonomiske og personellmessige. Dette betyr dagleg prioritering i organisasjonen.

Økonomisk status

I 1. tertialrapport la kommunedirektøren vekt på at koronapandemien fører til stor usikkerheit rundt dei økonomiske rammene for kommunen, både i inneverande år og framover i økonomiplanen. Skatteinngangen, finansområde, lønns- og prisvekst er store faktorar som har og vil bli endra framover som følgje av utbrotet av Covid-19. Samstundes er kommunen i ein krevjande situasjon når det gjeld den underliggjande drifta av kommunen.

For 3. året på rad styrer kommunen mot eit vesentleg meirforbruk i rammeområda, og då spesielt helse og omsorg. Meirforbruket i seg sjølv kan såleis ikkje knytast mot utbrotet av Covid-19. Kommunedirektøren meiner at det i 2020 har vore naudsynt å nytte ressursar og medarbeidarkapasitet til å handtere virusutbrotet, slik at det i stor grad ikkje har vore høve til å kome i inngrep og gjere naudsynte tiltak i drifta.

Prognosen for rammeområda etter 1. tertial var eit meirforbruk på i omlag 24,8 millionar isolert sett. Korrigert for forventa lågare lønnsvekst og arbeidsgjevaravgift blei prognosen justert ned til ca. 16 millionar. I tillegg gav mindreinntekta frå eigedomsskatt på 4,6 millionar ytterlegare press på økonomien.

Kommunedirektøren la difor opp til ein rekke midlertidige tiltak for å balanse budsjettet betre i 2020, som kommunestyret vedtok. Dei største tiltaka var reint finansielle med redusert nedbetaling av avdrag med kr 10 millionar og reduserte avsetningar og overføring til investering på samla kr 6,4 millionar. Kommunedirektøren la vidare til grunn at resten truleg indirekte ville bli dekt inn av «korona-effekten» på lågare lønnsvekst og arbeidsgjevaravgift som er lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett.

Prognosen i 2. tertialrapport er framleis basert på ein prognose for lønnsoppgjeret i 2020, då det ikkje er endeleg klart. Det er tatt utgangspunkt i forhandlingsresultatet for kapittel 4 som er sendt til uravstemming med frist 16. oktober. Det er og lagt til grunn ei ramme for lokale forhandlingar i tråd

2. tertialrapport 2020

med denne ramma, justert for gliding og overheng. Lokale forhandlingar bør vere sluttført innan 15. oktober. Med desse føresetnadane ser det ut som om resultatet gir noko større innsparing enn det blei tatt høgde for 1. tertialrapport. Resultatet av eit lågare lønnsoppgjer fører også til ein betydeleg lågare reguleringspremie (pensjon) frå KLP. Budsjetteffekten av denne er førebels ikkje rekna inn.

Prognosen for meirforbruket i rammeområda etter 2. tertialrapport er vel 8,3 millionar kr over justert ramme. Rammeområda fekk i 1. tertialrapport tilført 85 % av venta meirforbruk, altså ei samla underdekning på ca. kr 3,7 millionar. Det betyr at meirforbruket har auka i underkant av 5 millionar kr isolert sett. Det er spesielt helse og omsorg som framleis har ei negativ utvikling, der auken frå 1. tertial er omlag 7 millionar kr. På grunn av koronapandemien er det vanskeleg å fastslå det "reelle" meirforbruket i drifta, men avvika hittil i år (inkludert ekstra utgifter i samband med korona) er over 30 millionar. Det er eit svært urovekkjande tal, sjølv om mykje av dette har blitt dekkja inn av ekstra rammetilskot, redusert arbeidsgjevartavgift og lågare lønnsvekst.

Også i 2020 ser det ut som om ekstra inntekter vil bidra til å gje eit betre resultat enn frykta. Utbetaling frå Havbruksfondet er stadfesta til 9,8 millionar, heile 6,8 millionar over budsjettmålet. I tillegg ser det ut som om skatteinngangen også i 2020 blir betydeleg betre enn venta. Noko av veksten er ekstraordinær, men førebels er skatteinngangen lokalt betre enn frykta tidlegare i år. Det er likevel knytt ein god usikkerheit til samla skatteinngang for landet, som vil avgjere kor stor del av den venta meirinntekten kommunen sjølv vil sitte igjen med.

Samla sett ser det ut som om kommunen i 2020 i sum får ein positiv økonomisk "korona-effekt" på rekneskapsresultatet. Summen av førebels kompensasjon og stipulert lågare lønnsvekst er per i dag høgare enn dei ekstra utgiftene kommunen har bokført så langt. Denne bidrar til å dempe påverknaden av det store meirforbruket i den underliggjande drifta, spesielt innan helse og omsorg.

Oppsummering

2020 er prega av utbrotet av Covid-19, og dei effektane dette har fått både på drift og økonomi. Det er og venta at denne usikkerheten vil fortsette inn i 2021. Dei grepa som er gjort for å "sikre" økonomien i 2020 er kortsiktige tiltak, hovudsakleg på den finansielle sida. Vidare har ein økonomisk sett ein "positiv" effekt av Covid-19 utbrotet som følgje av mellom anna lågare lønnsvekst og redusert arbeidsgjevartavgift, fått større skatteinngang enn venta og ei større utbetaling frå havbruksfondet enn budsjettet.

Det er ikkje tvil om at den underliggjande drifta av kommunen ikkje er økonomisk berekraftig, og at det må gjerast langsiktige grep for å endre dette for framtida. Samstundes er det kjend at kommunen sine rammer blir lågare dei næraste åra på grunn av nedtrappinga av inndelingstilskot, nedgang i folketalet og varsla reduksjon i utbetaling av skjønnstilskot.

Alle prognoser tilseier og at demografien (samansetninga av innbyggjarane) er i endring framover, med fleire eldre og pleietrengande og færre i barnehage- og skulealder. Denne endringa inneber og at det vert naudsynt med ei omfordeling mellom rammeområda i kommunen.

Fram mot budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 vert det difor jobba med meir langsiktige tiltak, der ein ser på omfordeling av den kommunale ramma, og der det vert jobba med tilrådingar kva endringar som kan gjerast i tenestenivå og tenestefomfang.

Ølen, 1. oktober 2020

Yngve Folven Bergesen
Kommunedirektør

Innstilling til vedtak

Kommunedirektøren sitt forslag til justeringar i budsjettet etter 2. tertial 2020.

Kommunedirektøren foreslår følgjande endringar i driftsbudsjettet:

- Meirinntekter frå Havbruksfondet på kr 6,8 millionar vert foreslått sett av til disposisjonsfond.
- Ekstra vedlikehaldsmidlar kr 3,8 millionar vert foreslått lagt til rammeområde forvaltning, drift og utvikling i tråd med vedtak i F-sak 053/20.
- Det vert foreslått ei teknisk justering der renteutgifter for lån knytt til vatn og avlaup som er budsjettet på rammeområde forvaltning, drift og utvikling blir flytta til finans-området, då dette ikkje er midlar som reelt kan disponerast. Rammeområdet blir etter dette redusert med kr 6,389 mill.
- Skatteinntekter vert foreslått auka med kr 21 millionar, medan trekket i inntektsutjamning (rammetilskot) blir auka kr 12,6 millionar. Netto meirinntekt med kr 8,4 millionar vert foreslått sett av til disposisjonsfond. Avsettinga må sjåast på som ein buffer mot prognosert meirforbruk i rammeområda.

Det vert ikkje foreslått nye endringar i investeringsbudsjettet.

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Budsjett hiå	Rekneskap hiå.	Avvik hiå.	Budsjett 2020	Årsprognose	Prognose årsavvik
Sum generelle driftsinntekter	-386 966	-404 672	17 705	-590 622	-609 422	18 800
Avskrivninger	0	0	0	23 000	23 000	0
Motpost avskrivninger	0	0	0	-23 000	-23 000	0
Netto finansutgifter	7 860	-5 193	13 053	8 631	8 631	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-7	1 724	-1 731	5 849	5 849	0
Til disposisjon	-379 114	-408 141	29 027	-576 142	-594 942	18 800
Finans	0	-56	56	0	0	0
Administrasjon og fellesdrift	34 297	34 363	-66	52 193	52 978	-785
Oppvekst og kultur	140 471	139 053	1 418	222 851	221 761	1 090
Helse og omsorg	166 455	178 865	-12 410	246 613	257 041	-10 429
Forvaltning, drift og utvikling	34 495	30 073	4 422	54 485	52 667	1 818
Sum disponering	375 718	382 298	-6 580	576 142	584 447	-8 306
Meirforbruk -/mindreforbruk +	-3 396	-25 843	22 447	0	-10 495	10 494

Forslag budsjettjusteringer

Beløp i 1000

2. tertialrapport 2020

	Prognose avvik	Forslag til justering
Sum generelle driftsinntekter	18 800	-18 800
Netto finansutgifter	0	6 839
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	0	15 000
Tjenesteområdene	-8 306	-3 039
Totalt	10 494	0

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Oppr. bud.	Budsjett	Årsprognose	Årsbudsjett etter justering	Budsjett hiå	Rekneskap hiå.
Bruk av avsetninger						
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	0	0	0	-1 786
Bruk av disposisjonsfond	-2 415	-2 415	-2 415	-2 415	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-2 614	-4 623	-4 623	-4 623	-3 166	-6 037
Sum bruk av avsetninger	-5 029	-7 038	-7 038	-7 038	-3 166	-7 823
Avsetninger						
Overført til investering	4 286	2 050	2 050	2 050	2 734	1 724
Avsatt til disposisjonsfond	7 124	3 011	3 011	18 011	-2 741	1 786
Avsatt til bundne driftsfond	1 380	1 533	1 533	1 533	174	10 728
Sum avsetninger	12 790	6 594	6 594	21 594	167	14 238
Netto driftsresultat	-7 761	444	-10 051	-14 556	-397	-32 258
Sum driftsinntekter	-741 388	-743 510	-770 477	-762 310	-473 890	-515 192
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	1,0 %	-0,1 %	1,3 %	1,9 %	0,1 %	6,3 %
Tjenesteområdene og felles inntekter og utgifter: Prognose budsjettavvik etter budsjettjusteringer				4 506		
Prognose netto driftsresultat				-10 051		
Prognose netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter				1,3 %		

Kommunen sine tenesteområder

Administrasjon og fellesdrift

Status økonomi

Beløp i 1000

Tjenesteområder	Rev. bud. hiå. 2020	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Rev. bud. 2020	Siste prognose inkl lønn	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)	Bud.endr.
1005-Politisk	3 678	3 327	351	5 076	5 076	0	0
1009-Kommunedirektør	3 076	3 929	-853	4 844	5 799	-955	0
1010-Økonomiavdeling	8 869	8 545	324	12 951	13 481	-530	0
1020-Personalavdeling	6 299	6 953	-654	9 820	10 220	-400	0
1030-IKT avdeling	4 741	4 038	703	7 685	7 185	500	0
1040-Service- og fellestenester	5 981	5 933	48	8 810	8 810	0	0
1095-Felles Adm og fellesdrift	1 654	1 637	17	3 007	2 407	600	0
Sum	34 297	34 363	-66	52 193	52 978	-785	0

Kommentar til status økonomi

Samla meirforbruk for administrasjon og fellesdrift etter 2. tertial er omtrent 66 000 kr. Avviket skuldast hovudsakleg:

- Diverse personalkostnader, f.eks. knytt til fråvær utan refusjon
- Prosjekt innføring av nytt Sak- og Arkivsystem på Haugalandet (ACOS) - samstundes blir det eit mindreforbruk innanfor IKT, då prosjektleiar for ACOS-prosjektet på Haugalandet er innleigd frå Etne og Vindafjord IKT
- Kostnad til utarbeiding av rapport frå Norconsult knytt til Barnehage- og Skulebruksplan
- Lærlingløn og -pensjon

Det er også ein del avvik i positiv retning.

Lønnsoppgjeret i kommunal sektor er no gjennomført, og midlar som er avsett til lønnsauke er betraktelig større enn faktisk lønnsauke.

Corona-situasjonen har gjort at ein bruker mindre enn budsjettet på ein del postar, f.eks. bevertning, kurs/opplæring og reising.

Stipulert meirforbruk for rammeområdet heile året er ca. 0,8 millionar kroner.


Økonomistatus per konto

2. tertialrapport 2020

Beløp i 1000



	Rev.bud. hiå.	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Oppr. bud.	Rev.bud. hiå.	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)
Lønn	17 837	19 102	-1 265	28 100	28 230	-130
Refusjon lønn	0	-856	856	0	0	175
Sum Lønn	17 837	18 246	-409	28 100	28 230	45
Drift	8 113	9 901	-1 788	11 035	10 996	-1 600
Kjøp av produksjon	3 944	3 231	713	6 762	6 762	-160
Overføringer	7 021	7 300	-279	9 823	9 823	25
Finansutgifter	1	0	1	1	1	0
Sum Utgifter	19 079	20 433	-1 353	27 621	27 582	-1 735
Brukerbetaling	-617	-897	279	-689	-650	700
Refusjoner	-1 730	-3 273	1 543	-2 569	-2 569	205
Overføringer	-200	-34	-166	-300	-300	0
Finansinntekter	-72	-112	40	-100	-100	0
Sum Inntekter	-2 619	-4 316	1 697	-3 658	-3 619	905
Netto resultat	34 297	34 363	-66	52 063	52 193	-785

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

2. tertialrapport 2020



Oppvekst og kultur

Status økonomi

Beløp i 1000

Tjenesteområder	Rev. bud. hiå. 2020	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Rev. bud. 2020	Siste prognose inkl lønn	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)	Bud.endr.
1100-Skjold skule	18 636	18 667	-31	29 086	29 036	50	0
1110-Ølen skule	17 858	18 914	-1 057	27 992	29 592	-1 600	0
1120-Vikedal skule	10 301	9 799	501	16 183	16 133	50	0
1130-Vikebygd skule og barnehage	5 273	4 867	406	8 224	8 204	20	0
1140-Bjoa skule og barnehage	4 616	4 129	487	7 234	7 084	150	0
1150-Vats skule	7 017	6 975	43	10 936	10 906	30	0
1160-Vågen skule	5 950	5 990	-40	9 323	9 423	-100	0
1170-Sandeid skule	6 688	6 443	245	10 491	10 291	200	0

2. tertialrapport 2020

Beløp i 1000

Tjenesteområder	Rev. bud. hiå. 2020	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Rev. bud. 2020	Siste prognose inkl lønn	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)	Bud.endr.
1180-Imsland skule og barnehage	3 748	3 606	143	5 888	5 788	100	0
1210-Sandeid barnehage	4 596	4 526	70	7 246	7 146	100	0
1220-Vågen barnehage	3 245	3 154	90	5 111	4 911	200	0
1230-Vats barnehage	3 410	2 966	444	5 369	5 249	120	0
1240-Skjold barnehage	7 910	7 857	54	12 455	12 405	50	0
1250-PPT	2 252	2 449	-197	3 810	3 790	20	0
1260-Kultur- og læring	9 468	8 851	618	14 617	14 417	200	0
1295-Felles Oppvekst og kultur	29 501	29 860	-359	48 884	47 384	1 500	0
Sum	140 471	139 053	1 418	222 851	221 761	1 090	0

Kommentar til status økonomi

Samla mindreforbruk (etter 2. tertial) er ca. kr 1,4 millionar totalt på rammeområdet. Nærare om status innanfor dei ulike områda:

Skule

Einingane innanfor området skule har hatt både ein del ekstraavgifter og mindreinntekter i samband med koronapandemien og dette er det ikkje kompensert for per 2.tertial.

Det er framleis ekstra tiltak i samband med utfordringar med læringsmiljøet, noko som gir ekstra kostnader for spesielt ei eining. Her har ein også, per 2.tertial, ein tilsett i permisjon med løn etter lov og avtaleverk, og det medfører eit meirforbruk knytt til at det må lønast ein vikar for vedkomande.

Prognosen er at skuleområdet ligg an til å vere i balanse ved slutten av året.

SFO

Tilbodet er for fleksbelt og kostbart for kommunen. Dei to siste åra etter at kommunestyre vedtok mange ulike valpakkar, har ein fått mindreinntekt på nærare 1 million. Ca 100 000 kr mindre inntekt per mnd. Ein opplever også at fleire som har tilbod seier opp plassen før skuleåret er omme. Dette er vanskeleg å forutsjå. Det kan då føre til at ein då har for høg bemanning dei siste tre månadane. I dagens SFO tilbyr kommunen 10 alternative val, der spørst om ikkje ein må vurdere å endre vedtektene med mindre valpakkar som gjer det lettare for rektor å planleggja eit SFO år med tanke på bemanning, samt at tilbodet vert godt for brukarane.

Barnehage

Barnehagesektoren forventar meir foreldrebetaling inn for mars og april, som ikkje er godskrive som følge av koronapandemien. Ein ser og enkelte avvik knytt til periodisering av budsjettet, spesielt når det gjeld sjukelønsrefusjon og foreldrebetaling. Lågare vikaravgifter enn budsjettett.

Sektoren reknar med å ha ein rekneskap rundt balanse ved årsslutt.

PPT

2. tertialrapport 2020

Refusjon frå Etne kommune er ikkje mottat per. 2.tertial, og då viser det eit overforbruk tilsvarande refusjonsbeløpet frå Etne. Eininga elles er i balanse pr. 31. august, og slik det ser ut vil også vera det ved årslutt.

Kultur- og læring

Eininga har totalt eit mindreforbruk per 2. tertial og har hatt ein del mindreutgifter grunna vakante stillingar delar av året og lågare vikarutgifter enn budsjettert. Vidare kjem det ein del utgifter på slutten av året, men som er periodisert jamnt utover året og som derfor ikkje er eit reelt mindreforbruk. Grunnskuleopplæring for vaksne og opplæring fleirspårklege er omlag i balanse samla sett, men drifta i 2020 har eit bruk høgre enn tildelt ramme. Meirforbuket vert dekkja gjennom bruk av bunde fond med ca kr. 850 000. Det er eit overforbruk på museum, utgift ihht KS vedtak 2018 utan tilførte midlar.

Samla er det stipulert mindreforbruk på omlag 200 000,- for heile året.

Felles Oppvekst og kultur

Innanfor fellesområdet, som dekker felleskostnadane for einingane på barnehage og skule, samt tilskot til private barnehagar, er det enkelte avvik.

Utbetaling til dei private barnehagane viser eit meirforbruk hittil i år, og dette er hovudsakleg grunna i at budsjettet er lagt ut frå barnetal året før. I tillegg er det faktorar kommunen ikkje kan påverke, som søskenmoderasjon og redusert betaling for barn i dei private barnehagane, som inneber avvik frå opphavleg budsjett her. Samla utbetaling vil avhenge av faktisk barnetal i barnehagane etter 15.august. Det kan bli overforbruk på kjøp av tenester som dette.

Det er visse avvik knytt til periodisering, særskilt når det gjeld statlege tilskot i samband med vidareutdanning. Det er usikkert når Staten betalar ut desse tilskota, som då gjer det vanskelegare å periodisere nettopp dette.

Som følge av ny soneinndeling, er utlegg til fylkeskommunal skyss lågare enn budsjettert. Kommunestyret vedtok at 500 000 kr av desse skulle omfordelast til innkjøp av IT utstyr i skule (Pedagogisk IKT plan vedtatt i KS des.2019). Budsjettjustering skal gjennomførast i haust.

Lønnsoppgjeret i kommunal sektor er no gjennomført, og midlar på "Felles oppvekst og kultur" som er avsett til lønnsauke er betraktelig større enn faktisk lønnsauke.Samla sett vil difor denne tenesta gåar med mindreforbruk på 1,5 millionar kroner.

Samla sett ligg Rammeområde Oppvekst og Kultur an til eit mindreforbruk på ca. 1,1 milionar kroner i 2020.


Økonomistatus per konto

2. tertialrapport 2020

Beløp i 1000



	Rev.bud. hiå.	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Oppr. bud.	Rev.bud. hiå.	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)
Lønn	122 413	119 771	2 642	200 780	199 929	0
Refusjon lønn	-2 862	-4 125	1 263	-4 388	-4 523	0
Sum Lønn	119 551	115 646	3 905	196 393	195 407	0
Drift	10 450	9 609	841	15 775	15 785	0
Kjøp av produksjon	25 110	25 743	-633	34 803	34 803	0
Overføringer	3 061	7 101	-4 040	4 626	4 626	1 090
Finansutgifter	0	10 654	-10 654	0	0	0
Sum Utgifter	38 621	53 107	-14 486	55 204	55 214	1 090
Brukerbetaling	-9 909	-7 658	-2 251	-15 826	-15 826	0
Refusjoner	-7 232	-7 627	395	-9 787	-11 073	0
Overføringer	20	-10 653	10 673	-1 842	0	0
Finansinntekter	-580	-3 762	3 182	-861	-871	0
Sum Inntekter	-17 701	-29 700	11 998	-28 316	-27 770	0
Netto resultat	140 471	139 053	1 418	223 281	222 851	1 090

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

2. tertialrapport 2020



Helse og omsorg

Status økonomi

Beløp i 1000

Tjenesteområder	Rev. bud. hiå. 2020	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Rev. bud. 2020	Siste prognose inkl lønn	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)	Bud.endr.
1300-Vindafjordtunet	27 255	30 745	-3 490	43 030	47 841	-4 811	0
1340-Ølen omsorgssenter - institusjon	21 588	27 542	-5 954	33 675	43 351	-9 676	0
1350-Ølen omsorgssenter - heimeteneste	19 834	21 932	-2 098	30 754	33 060	-2 306	0
1400-Rus og Psykiatri	10 710	12 339	-1 629	18 011	19 911	-1 900	0
1410-Barnevern	12 922	13 565	-644	18 899	21 399	-2 500	0
1415-NAV Vindafjord	12 642	14 034	-1 392	16 614	19 114	-2 500	0

2. tertialrapport 2020

Beløp i 1000

Tjenesteområder	Rev. bud. hiå. 2020	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Rev. bud. 2020	Siste prognose inkl lønn	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)	Bud.endr.
1420-Helse	14 946	17 363	-2 417	24 148	25 958	-1 810	0
1430-Tilrettelagte tenester	28 441	28 198	243	44 562	44 862	-300	0
1495-Felles Helse og omsorg	18 117	13 145	4 972	16 921	1 546	15 375	0
Sum	166 455	178 865	-12 410	246 613	257 041	-10 429	0

Kommentar til status økonomi

Vindafjordtunet

Samla meirforbruk (etter 2. tertial) er ca 3,4 millionar kroner. Avviket skuldast hovudsakleg ressurskrevjande brukarar og Covid-19.

Prognosar for heile 2020 per d.d. stipulerer eit meirforbruk i eininga på ca 4,8 millionar kroner. Forventa overforbruk er hovudsaklig knytt til Covid-19 og bemanning utover tildelte heimlar til ressurskrevjande brukarar og tidvis i avdelingar med svært høg pleietyngde. Dette er eit tal det er knytt mykje usikkerhet til jamf. helsetilstand hjå ressurskrevjande brukarar, utvikling Covid 19 og mulige refusjonar.

Ølen omsorgssenter - institusjon

Samla meirforbruk per 2. tertial er ca. kr 5,9 millionar kroner. Avviket skuldast hovudsakelig årsverk i «Vikarpool» som ligg i driftsturnus og bruk av vikarbyrå. I utgangspunktet skulle desse dekkast av sjukelønnsrefusjonar, men ein ser at dette ikkje skjer. Vidare har ein utfordringar med å rekruttere og beholde sjukepleiarar slik at ein har vakante sjukepleiarstillingar, og desse har det vore naudsynt å dekke ved kjøp av vikartenester. Ein har og brukarar som krev mykje meir ressursar enn tidlegare.

Prognose for heile 2020 er per d.d. stipulert til eit meirforbruk i eininga på ca 9,7 millionar kroner.

Heimetenester

Samla meirforbruk per 2. tertial er ca. kr 2,1 millionar kroner. Avviket skuldast hovudsakelig årsverk i «Vikarpool» som ligg i driftsturnus. I utgangspunktet skulle desse dekkast av sjukelønnsrefusjonar, men ein ser at dette ikkje skjer. Vidare har ein ressurskrevjande brukarar som krev mykje meir ressursar enn ein har sett tidlegare.

Heimetenesta har og eit høgt sjukefråver, med 19,4 % i andre kvartal, noko som er urovekkande.

Prognose for heile 2020 er per d.d. stipulert til eit meirforbruk i eininga på ca 2,3 millionar kroner.

Rus og Psykiatri

Samla meirforbruk etter 2. tertial er ca. kr 1 400 000. Avviket skuldast hovudsakleg at ein har ressurskrevjande brukarar som ein har vore nødt til å tilsett ekstra årsverk på. Totalt utgjør dette 3 årsverk. Slik situasjonen er pr. i dag vil dette halde fram heile året.

Ein ser også at fleire utgiftspostar som feks lisenser, programvarer, leasing og kjøp av tenester frå andre har auka meir enn det har vore rom for i budsjettet dei siste åra.

2. tertialrapport 2020

Innanfor fengselshelsetenesta har ein hatt vakanse dei første månadane av året, noko som har medført eit mindreforbruk. Vidare er det periodiseringsfeil på eit statstilskot.

Prognose for heile 2020 er per d.d. stipulert til eit meirforbruk mot budsjett på ca. kr 1,9 millionar kroner.

Barnevern

Tenesta har eit samla meirforbruk per 2. tertial på ca. 0,65 millionar kroner. Når det gjeld drift av kontoret, har ein her eit mindreforbruk på ca 430 000 kroner, og dette mindreforbruket er ein del av ein positiv trend. Meirforbruket for tenesta er knytt til tiltak, der tiltak i heimen har eit meirforbruk på ca 130 000, medan tiltak utanfor heimen har eit meirforbruk på ca 1 million kroner. Hovudårsaka til meirforbruket er at ein har fleire tiltak enn det er budsjettert midlar for.

Der er knytta stor usikkerheit til om behovet for tiltak utanfor heimen vil redusera seg så markant resten av 2020 som budsjettet tar høgde for. Tenesta si eigen prognose tilseier at det ikkje vil skje.

Samla sett er det stipulert eit meirforbruk på kr 2,5 millionar kroner for heile året.

Etne

Etne dekker sine eigne kostnader til tiltak. Prognosen tilseier at ein totalt sett vil ha same utgiftsnivå som i fjor og vera i balanse.

NAV Vindafjord

Samla meirforbruk per 2. tertial er ca 1,4 millionar. Avviket skuldast hovudsakleg meirforbruk knytt til lønnskostnader etter samanslåing med Etne, då refusjonskrav mot Etne førebels ikkje er sendt. Vidare har ein eit meirforbruk på Kvalifiseringsprogrammet, då ein har fått inn fleire deltakarar enn tidlegare år. Med fleire deltakarar vil ein her få eit vidare meirforbruk gjennom hausten.

Økonomisk sosialhjelp har medført eit større meirforbruk sett opp mot budsjett i 2020. Etter vedtak frå kommunestyre i 2019 reknar me ikkje lenger barnetrygd som inntekt ved utmåling av økonomisk sosialstønad. Dette vil naturleg nok auka utgiftene på denne tenesta.

I 2018 vert det gjort endringar på den statlege ordninga arbeidsavklaringspengar (AAP). Dette går ut på at det mellom anna vert eitt år kortare tid i AAP ordninga, samt strengare inngangsvilkår. Dette kan slå inn på utbetaling av økonomisk sosialhjelp i åra framover, og me ser allereie tendensen no. I februar 2020 vert det innført ein minstesats for unge under 25 år på arbeidsavklaringspengar. Dette kan auke behovet for supplerande økonomisk sosialhjelp for denne gruppa. Ein må difor rekna med at det kan bli ein auke i utbetalningar i 2020 på grunn av dette, og om trenden fortset ut 2020 vil ein ende opp med eit samla meirforbruk på økonomisk sosialhjelp på ca 3 millionar kroner.

Så langt har ein ikkje identifisert store utbetalningar knytt til økonomisk sosialhjelp som følgje av utbrotet av COVID-19.

2. tertialrapport 2020

NAV flykningtetenesta har så langt i år eit mindreforbruk på 2 millionar kroner, hovudsakleg på grunn av lågare utbetaling av introduksjonsstønad enn budsjettet. Dette heng saman med at kommunen no best færre enn tidlegare. På grunn av COVID-19 er det usikkert om det vert busetjingar i 2020, men det er meldt familiejenforening som vil medføre ein utgiftsauke p hausten.

Det har og vore naudsynt å kjøpe inn nytt sakshandsamingssystem i etterkant av samanslåinga med Etne kommune. Vindafjord sin andel av dette utgjør ca. 300 000 kroner

Prognose for heile 2020 er per d.d. stipulert til eit meirforbruk mot budsjett på ca. kr 2,5 millionar kroner.

Helse

Sanka meirforbruk på eininga per 2. tertial er ca 2,4 millionar kroner. Av desse er ca 1,5 millionar knytt til Covid-19.

Meirforbruket på den ordinære drifta (utanom Covid-19) skuldast hovudsakleg at det i budsjettet ikkje vart tatt høgde for oppjustering av avtale med Haugesund om legevakt. I tillegg har legetenesta i kommunen eit meirforbruk mellom anna knytt til sjukemelding i legetenesta.

Prognose for heile 2020 er per d.d. stipulert til eit meirforbruk (utanom Covid-19) mot budsjett på ca. kr 1,8 millionar kroner.

Tilrettelagte tenester

Eininga går i utgangspunktet med eit mindreforbruk på ca 0,24 millionar kroner per 2. tertial, men har påløpte, men ikkje bokførte utgifter knytt til kjøp av tenester ved eit av bufelleskapa på ca 0,5 millionar kroner. Reelt er det då eit meirforbruk på ca 0,25 millionar kroner, som hovudsakleg skulast høgt sjukefråvær, ein ny brukar som flyttet inn i heildøgnsbemanna bustad i desember 2019 ekstrakostnadar til Covid 19.

Det kjem ny ressurskrevjande brukar inn i heildøgnsbemanna bustad i løpet av hausten som det ikkje er budsjettet for i 2020. Dette medfører at prognosen for 2020 vil vere eit meirforbruk på omlag 300.000kr.

Felles Helse og omsorg

Meirforbruk skuldast hovudsakleg kjøp av tenester til ressurskrevjande brukarar, tiltak med heildøgnsbemanning og krav til spesialkompetanse. Desse kjøpa av tenester er venta å vedvare. Det har og vore eingangsutgifter knytt til kommunal bustad som medførte meirforbruk.

Samstundes er lønnsoppgjeret i kommunal sektor er no gjennomført, og midlar som er avsett til lønnsauke er betraktelig større enn faktisk lønnsauke.

Vidare er Fellesområdet for Helse og Omsorg tilført midlar som følge av budsjettjustering etter første tertial, samla sett ca. 15,7 millionar kroner

Prognose for heile 2020 er per d.d. stipulert til eit meirforbruk for rammeområdet mot justert budsjett etter første tertial på ca. 10,5 millionar kroner.


2. tertialrapport 2020

Økonomistatus per konto



Beløp i 1000

	Rev.bud. hiå.	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Oppr. bud.	Rev.bud.	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)
Lønn	161 981	165 036	-3 056	244 944	263 563	-9 592
Refusjon lønn	-4 525	-6 260	1 735	-7 188	-7 188	3
Sum Lønn	157 456	158 777	-1 321	237 756	256 375	-9 589
Drift	16 627	22 104	-5 477	25 205	25 135	380
Kjøp av produksjon	15 477	22 310	-6 832	21 461	22 772	-8 400
Overføringer	6 412	8 836	-2 424	9 600	9 621	715
Finansutgifter	0	0	0	0	153	0
Sum Utgifter	38 516	53 249	-14 733	56 266	57 681	-7 305
Brukerbetaling	-12 303	-13 401	1 097	-17 698	-18 475	-715
Refusjoner	-15 022	-17 611	2 590	-44 073	-44 341	7 180
Overføringer	-43	0	-43	-64	-64	0
Finansinntekter	-2 149	-2 149	0	-2 565	-4 564	0
Sum Inntekter	-29 516	-33 161	3 645	-64 400	-67 444	6 465
Netto resultat	166 455	178 865	-12 410	229 623	246 613	-10 429

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Forvaltning, drift og utvikling

Status økonomi

Beløp i 1000

Tjenesteområder	Rev. bud. hiå. 2020	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Rev. bud. 2020	Siste prognose inkl lønn	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)	Bud.endr.
1500-Areal og forvaltning	6 638	5 386	1 251	10 293	9 893	400	0
1510-Kommunaltekniske tenester	14 630	13 244	1 386	18 794	18 794	0	0
1515-VAR område	-6 456	-7 227	772	-890	-890	0	-6 839
1520-Reinhald	8 760	8 212	547	13 753	13 135	618	0
1530-Brann og Redning	11 013	10 457	556	10 569	9 869	700	0
1595-Felles forvaltning, drift og utvikling	-90	0	-90	1 966	1 866	100	3 800
Sum	34 495	30 073	4 422	54 485	52 667	1 818	-3 039

Kommentar til status økonomi

Forvaltning, drift og utvikling

Samla mindreforbruk (etter 2. tertial) er ca. kr 4.4 millionar totalt på rammeområdet. Nærare om status innanfor dei ulike områda:

Areal og forvaltning

Samla mindreforbruk på ca kr. 1.2 million skuldast m.a.:

- At innkjøp av tenester frå konsulentfirma for å erstatte manglande ressursar på plan grunna intern konstituering av einingsleiar er forseinka. Utlysing er ute nå og mindreforbruket her vil gå mot null ved årslutt.
- Fakturerte kostnader på Acosprosjektet er ført på rammeområdet administrasjon og felles drift. Eigedomsmodule er knytt til denne eininga og mindreforbruket er derfor ikkje reelt.
- Mindre gebyrinntekter på plan og oppmåling som hittil i år har vist ein klar negativ trend. Gebyrpostane knytt til Plan, Byggjesak og Oppmåling er avhengige av kva saker som kjem inn for behandling, noko som kommunen i liten grad kan påverka. Det er likevel grunn til å tru at tendensen på plan og oppmåling vil halda fram ut året.

Prognose: Teke omsyn til dei punkta som er trekte fram ovanfor, ligg det an til eit mindreforbruk på einga i storleiksorden kr. 400.000.

Kommunaltekniske tenester

Samla mindreforbruk på ca. kr 1.4 million skuldast hovudsakleg:

- Avvik i forhold til periodisering. Deler av mindreforbruket er ikkje reelt.
- Større inntekter enn budsjettert på Dommersnes pga båtar i opplag.
- Kostnadane til vintervedlikehald er lågare enn på samme tid for tidlegare år.
- Energikostnadane ligg så langt ca 500' lågare enn ved samme tid i fjor, dette skuldast bl.a. feil knytt til fakturering av veglys.
- Alle budsjetterte vedlikehaldsmidlane for bygg og veg er brukt opp.
- Kostnader knytt til forsikringsskader er forskottert og vil bli refundert i etteroppgjær.
- Nytt forsikringsanbod har gitt betydeleg høgare forsikringskostnader enn tidlegare år.

Prognose: Teke omsyn til dei punkta som er trekte fram ovanfor, ligg det an til at eininga endar i balanse mot slutten av året, men det er mykje som er usikkert knytt til dette, avhengig av mellom anna veir i haust, straumpris mv.

Regjeringa har løyvd korona-tiltaksmidlar til vedlikehald av kommunale bygg og anlegg. Dei ca 3.8 million vil i år gje eit vedlikehaldstrykk som samla byggmasse og vegar reelt sett årleg har behov for. Desse utgiftane er ført opp på ansvar 1595 og er ikkje del av økonomisk rapportering på dette ansvaret.

VAR område

Samla mindreforbruk på 771 611,-. Ved årsslutt er det budsjettert med eit mindreforbruk på kr 889 837,-

Avviket skuldast hovudsakleg:

2. tertialrapport 2020

- Høgare inntekter frå tilkoplingsavgifter enn budsjettert. Også abonnementsgebyra ligg litt over budsjett. Høgare vedlikehaldskostnader enn budsjettert både for vatn og avløp. Det er og avvik i periodisering.

Samla ligg tenesta greit an i forhold til budsjett. Eit ev. meir-/mindreforbruk ved årsslutt vil anten bli sett av på fond, eller dekkja ved bruk av fondsmidlar henta frå sjølvkostfond.

Reinhald

Samla mindreforbruk på ca. kr 550 000 skuldast hovudsakleg:

Både reduserte lønnskostnader grunna lågare vikarutgifter i vår men og betydeleg høgare vikarutgifter i haust. Vikarbruk er høgt nå grunna forsterka reinhald, vask av korona-legekontor, samt mykje sjukefravær. Dette gir usikker prognose ved årsslutt.

Forsterka reinhald har ført til auke i forbruk reinhaldsmateriell/utstyr. I tillegg er rammeavtalen for innkjøp under forhandling, og prisane er vesentleg høgare enn i fjor/starten av året.

Prognose: Teke omsyn til dei punkta som er trekte fram ovanfor, ligg det an til eit mindreforbruk på einga i storleiksorden kr. 600 000.

Brann og Redning

Samla mindreforbruk per 31. august er kr 556 073. Mindreforbruket skuldast:

- Feiegebyret er budsjettert alt for høgt. Feieavgift har ei meirinntekt på ca. 0,5 mill. I tillegg er det ein mindreutgifter på kjøp av tenester på kr 170 000. Samla er det forventa eit positivt budsjettavvik på kr 770 000 for året. Resultatet vil bli gjort opp mot bunde fond.
- På brann og redning vil det bli eit negativt avvik på kr 70 000. Budsjettet har ikkje tatt høgde for både kjøp frå HBR og frå NORD-ROGALAND/SUNNHORDLAND-IUA.

Samla er det forventa eit mindreforbruk på kr 700 000 for 2020. Mindreforbruket skal gjerast opp mot bunde fond, og kan ikkje nyttast til omdisponering.

Feiegebyret må justerast ned for 2020.

Felles forvaltning, drift og utvikling

Lønnsoppgjeret i kommunal sektor er no gjennomført, og midlar som er avsett til lønnsauke er betraktelig større enn faktisk lønnsauke.

Samla sett ligg rammeområdet an til eit mindreforbruk på kr. 1,8 millionar kroner i løpet av året.


Økonomistatus per konto

2. tertialrapport 2020

Beløp i 1000


	Rev.bud. hiå.	Rekneskap hiå. 2020	Avvik hiå.	Oppr. bud.	Rev.bud. hiå.	Avvik i kr (prognose vs. budsjett)
Lønn	27 256	26 780	476	45 155	44 905	0
Refusjon lønn	-27	-815	788	-45	-45	0
Sum Lønn	27 229	25 965	1 264	45 110	44 860	0
Drift	22 996	23 784	-788	32 442	32 442	0
Kjøp av produksjon	13 748	13 386	363	12 737	14 513	100
Overføringer	3 816	4 221	-405	5 736	5 736	1 100
Finansutgifter	174	76	98	7 431	7 431	0
Sum Utgifter	40 734	41 467	-732	58 347	60 123	1 200
Brukerbetaling	-28 352	-30 452	2 100	-42 482	-42 482	618
Refusjoner	-3 957	-6 058	2 101	-3 914	-5 690	0
Overføringer	-721	-721	0	-721	-721	0
Finansinntekter	-438	-126	-311	-1 604	-1 604	0
Sum Inntekter	-33 468	-37 358	3 890	-48 721	-50 497	618
Netto resultat	34 495	30 073	4 422	54 735	54 485	1 818

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

2. tertialrapport 2020



Forslag til budsjettjusteringer ekskl. bruk av/avsetning til fond

Beløp i 1000

Budsjettjustering	Type	2020	2021	2022	2023	2024
Auka ramme som følge av tiltaksmidlar bygg og anlegg (Covid-19)	60	3 800	0	0	0	0
Teknisk justering: renter lån vatn og avlaup	60	-6 839	0	0	0	0
Sum		-3 039	0	0	0	0

Økonomi

Overordna økonomisk status per 2. tertial 2020. Vurdering av store og sentrale inntekts- og utgiftsposter.

2. tertialrapport 2020

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Budsjett hiå	Rekneskap hiå.	Avvik hiå.	Budsjett 2020	Årsprognose	Prognose årsavvik
Sum generelle driftsinntekter	-386 966	-404 672	17 705	-590 622	-609 422	18 800
Avskrivninger	0	0	0	23 000	23 000	0
Motpost avskrivninger	0	0	0	-23 000	-23 000	0
Netto finansutgifter	7 860	-5 193	13 053	8 631	8 631	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-7	1 724	-1 731	5 849	5 849	0
Til disposisjon	-379 114	-408 141	29 027	-576 142	-594 942	18 800
Finans	0	-56	56	0	0	0
Administrasjon og fellesdrift	34 297	34 363	-66	52 193	52 978	-785
Oppvekst og kultur	140 471	139 053	1 418	222 851	221 761	1 090
Helse og omsorg	166 455	178 865	-12 410	246 613	257 041	-10 429
Forvaltning, drift og utvikling	34 495	30 073	4 422	54 485	52 667	1 818
Sum disponering	375 718	382 298	-6 580	576 142	584 447	-8 306
Meirforbruk -/mindreforbruk +	-3 396	-25 843	22 447	0	-10 495	10 494

Totaloversikt økonomi viser hovudtala for kommunen sitt driftsbudsjett per 2. tertial 2020.

Dei tre fyrste kolonnane viser budsjett, regnskap og avvik hittil i år (til og med august). Merk at desse tala tek utgangspunkt i periodisert budsjett og viser ikkje avvik som skuldast at inntekter og utgifter kjem til andre tidspunkt enn lagt til grunn i budsjettet. Dei tre siste kolonnane samanliknar vedtatt budsjett for heile året med oppdatert årsprognose. Desse tala viser stipulert resultat for året sett opp mot vedtatt budsjett.

Per 2. tertial er det eit samla mindreforbruk på 22,4 millionar. Samla er det nesten 29 mill. meir til disposisjon, og rammeområda har disponert 6,5 mill. meir enn periodisert budsjett. Av tala til disposisjon skuldast mesteparten (17 mill.) høgare skatteinntekter enn venta. Resten er avvik på netto finansinntekter. Dette er ikkje eit reelt avvik, men skuldast at budsjettet avdrag på 19 millionar ikkje blei betalt i august som først planlagt men er forskyvd til november. Det er gitt nærare forklaring av avvika nedanfor.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rev. bud hiå. 2020	Rekneskap hiå. 2020	Avvik i kr hiå.	Oppr. bud.	Rev. bud. 2020	Avvik i kr
Frie disponible inntekter						
Rammetilskudd	-184 097	-184 355	258	-259 165	-261 366	-12 800
Inntekts- og formuesskatt	-175 491	-192 332	16 841	-283 629	-283 050	21 000
Eiendomsskatt	-22 300	-22 668	368	-35 000	-30 400	0
Andre generelle driftsinntekter	-5 078	-5 317	238	-13 156	-15 806	10 600
Sum Frie disponible inntekter	-386 966	-404 672	17 705	-590 950	-590 622	18 800

Rammetilskudd

2. tertialrapport 2020


I samband med korona-pandemien har kommunen hittil fått ekstra rammetilskot på kr 8,046 mill. og skjønstilskot på kr 383 000. Av ekstra rammetilskot er kr 1,669 knytt til kompensasjon for bortfall av brukarbetaling i kommunale og private barnehagar, samt SFO, i perioden desse var stengde. Budsjettet blei justert i tråd med dette etter 1. tertialrapport.

Vindafjord kommune har i tillegg fått kr 200 000 ekstra i skjønstilskot som skal gå til samarbeidsprosjektet på Haugalandet om felles arkiv. Beløpet vil bli overført til Etne kommune som har utgiftene til felles prosjektleiar. Tilskotet vil bli fordelt likt på alle deltakararkommunane.

Fylkesmannen har framleis skjønnsmidlar igjen knytt til ekstraavgifter med covid-19. Vindafjord kommunen har sendt søknad på desse midlane som hadde søknadsfrist 30. september. Det er uvisst om kommunen blir tildelt noko midlar, då Vindafjord ikkje er blant dei kommunane som har hatt størst ekstra avgifter.

Inntekts- og formuesskatt

Skatteinngangen til og med august 2020 er 9,7 % høgare enn same periode i 2019, og ligg med det langt over periodisert budsjett. Samla for kommunane i heile landet er veksten 0,6 % høgare enn tilsvarende periode i fjor. Det vil seie at Vindafjord har ein mykje sterkare vekst enn landet hittil i år. Mykje av veksten er knytt til etterlikning frå tidlegare år. Tala for august er isolert sett noko lågare for Vindafjord kommune (14,1 %) enn same periode i fjor, men månaden gir lite informasjon om årets skatteinngang då det ikkje var forfall for verken forskotstrekk eller forskotsskatt.



Det er framleis knytt veldig stor usikkerheit utviklinga av skatteinngangen ut året. Koronapandemien og tiltaka for å dempe verknadane både for private, næringslivet og på nasjonalt nivå vil verke inn på skatteinngangen som gjere det vanskeleg å tolke tala så langt og spå utvikla framover. Regjeringa la i RNB til grunn ein redusert skatteinngang på 5,3 mrd. kroner, som inneberer at kommunane samla vil få ein reduksjon samanlikna med dei faktiske skatteinntektene i 2019 på 1,1 %. I prop. 127 S blei det vedteke endringar i verdsettingsrabatten for aksjar og driftsmidlar mv. og å auke den skattefrie fordelten ved kjøp av aksjar mv. i arbeidsgjevarsselskapet. Det er stipulert at dette gir eit skattetau for kommunane på om lag 550 mill. i 2020, og at nedgangen i skatteinntektene vert justert til 1,4 %. Kommunane skal bli kompensert av desse endringane ved auke i innbyggjartilskotet. Ved utgangen av august var det framleis ein svak vekst for landet samla sett, og ein samla skatteinngang godt over stipulert nivå.

Prognosen i RNB avviker frå dei fleste andre som eit meir optimistisk overslag. KS tek utgangspunkt i SSB sin siste prognose og stipulerer ein svikt på mellom 7,5 og 10,5 mrd. kroner. I tillegg er det usikkerheit knytt til kor skatteinngangen i Vindafjord hamnar blir i høve til landssnittet. Dette vil ha innverknad på inntektsutjamninga. Etter 1. tertial låg skatteinngangen for Vindafjord på 103,2 % av landssnittet, litt høgare enn på same tid i fjor (102,5 %). Skatteveksten i Vindafjord er hittil i år på 9,7 % mot same periode i 2019. Den største delen av veksten kom i mai, og er i stor grad relatert til etterlikning frå tidlegare år. Dette forklarar i stor grad kvifor kommunen ved 2. tertial har ein skatteinngang på heile 114,1 % av landet før inntektsutjamning, og 104,5 % etter.

Skatteinngangen for 2019 hamna på 110 % av landet før utjamning og 102,8 % etter utjamning. Tilsvarande tal for 2018 var 103,1 % og 100,1 %. Skatteinngangen i 2019 var truleg ekstraordinær, men ekstra inntekter hittil i år peiker mot at skatteinngangen i 2020 også blir mykje betre enn venta.



Skatteinngangen blei noko redusert ned etter 1. tertialrapport, og det blei lagt inn noko meir reduksjon i inntektsutjamninga. Slik det ser ut no vil kommunen truleg få eit netto positivt avvik frå skatt også i 2020. Per 2. tertial er det ein meirinntekt på vel 16,5 millionar frå skatt mot periodisert budsjett. Samstundes er kommunen trekt 8,340 millionar meir enn periodisert budsjett på inntektsutjamninga. Varsla trekk til og med august er på 16,214 millionar samla. Trekket kjem to månadar på etterskot så beløpet må vurderast mot periodisert budsjett for oktober (avvik 9,261 mill.). Samla budsjetttert trekk for året er 9,206 mill.

Rett før tertialrapporten blei sendt ut fekk kommunen skatteinngangen for september for Vindafjord. Den viser ein samla vekst på 9,2 % hittil mot same periode i fjor. For september isolert sett var det ein vekst på 7,5 %. Det er veldig sannsynleg med meirinntekter frå skatt også i 2020, men det er knytt stor usikkerheit til skatteinngangen i resten av landet og kor mykje meir som vil gå ut i inntektsutjamning. Kommunedirektøren legg i 2. tertialrapport framlegg om å justere skatteanslaget opp med vel 21 millionar. Samstundes vert inntektsutjamning foreslått auka med 12,6 millionar. Dette gir ein forventa netto meirinntekt på 8,4 millionar.

Eiendomsskatt

Kommunen har gjennomført nytaksering av alle eigedommar med verknad frå 2020. For 2020 var det opphavleg budsjetttert med 35 millionar i inntekter frå eigendomsskatt for året. Budsjettet i 1. tertial blei justert ned med 4,6 millionar til 30,4 millionar som ein konsekvens av lågare skattegrunnlag enn forventa. Etter gjennomført klagehandsaming er prognosen for 2020 no samla 30,16 mill.

Andre generelle driftsinntekter

Havbruksfondet

Det er budsjettert med 3 millionar frå Havbruksfondet i 2020, med avsetting til disposisjonsfond. I RNB blei det varsla 1 milliard til Havbruksfondet til fordeling mellom kommunane (87,5 %) og fylkeskommunane (12,5 %). Basert på Vindafjord sin kapasitet av totalt kapasitet per 1.9.2019 (0,48 %) stipulerte ein då ei utbetaling i 2020 for Vindafjord på 3,5 millionar.

Stortinget vedtok seinare at kommunesektoren sin del av kapasitetsjusteringa i 2020 vert 2,25 mrd. kroner i 2020 og 1 mrd. kroner i 2021. Av midlane frå kapasitetsjusteringa i 2020 som skal utbetales i 2020 blir kr 1 968 750 000 fordelt til kommunane. Midlane vert fordelt basert på all klarert lokalitetsbiomasse per 1. september 2020. Vindafjord kommune hadde 0,5% av samla biomasse i 2020, denne var auka til 0,02 % høgare enn i 2019 på same tid.

29. september la Fiskeridirektoratet ut fordelinga for 2020 som viste at Vindafjord kommune får utbetalt kr 9 811 674,79. Det vert foreslått å setje av meirinntektene, kr 6,8 millionar, til disposisjonsfond.

Integreringstilskot

Det er budsjettert med om lag 10,1 millionar i generelle flyktningstilskot. Førebels prognose tilseier 9,9 millionar, men det er knytt noko usikkerheit til faktisk tidspunkt for ny busetting.

Rente- og avdragskompensasjon

For 2020 er det lagt inn totalt 3,5 millionar i rente- og avdragskompensasjon. Denne blei justert ned til 2,65 millionar i tertialrapport. Det blei lagt til grunn vel 2,15 millionar i avdragskompensasjon, og 0,5 mill. i rentekompensasjon basert på faktiske renter til då, og null i rente for dei 4 siste månadane. Dette ser no ut til å bli resultatet, slik at det er forventa ei inntekt i tråd med regulert budsjett.

Merk at i opphavleg budsjett var rente- og avdragskompensasjonen budsjettert under rammetilskot, dette er korrigert til andre generelle driftsinntekter. Dette forklarar endring i desse to postane i revidert budsjett.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rev. bud hiå. 2020	Rekneskap hiå. 2020	Avvik i kr hiå.	Oppr. bud.	Rev. bud. 2020	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-738	-1 198	460	-5 540	-1 219	0
Utbytter	-12 940	-12 940	0	-12 000	-12 940	0
Renteutgifter	2 501	8 945	-6 444	7 553	3 753	0
Avdrag på lån	19 037	0	19 037	29 037	19 037	0
Sum Finansinntekter/-utgifter	7 860	-5 193	13 053	19 050	8 631	0

Renteinntekter

Renteinntektene består av bankinnskott, eigenkapitalbevis og direkteeigde rentebærande verdipapir utstedt av norske sparebankar som vert forvalta på vegner av kommunen etter avtale. Opphavleg budsjett var på om lag 5,5 millionar i 2020.

2. tertialrapport 2020

Både aksjemarknaden og styringsrenta fall betrakteleg som følgje av koronapandemien. Mars var den svakaste månaden i aksjemarknaden sidan finanskrisen, men allereie i april var det ei betring med den største månadlege oppgangen i den amerikanske aksjemarknaden sidan 1987.

For verdipapir (eigenkapitalbevis og obligasjonar) var det ved 1. tertial ei samla negativ avkastning på 3,53 millionar. Renteinntekter på bankinnskot for 1. kvartal var om lag 600 000. 3 månadar NIBOR har gått betydeleg ned den siste tida og var ved utgangen av 1. tertial nede i 0,5 %. Posten blei betydeleg (4,3 mill.) justert i 1. tertialrapport på grunn av den store usikkerheita i marknaden.

Ved 2. tertial er det bokført kr renter på ordinære bankinnskot i tråd med justert budsjett. Plasserte midlar har ei førebels avkastning på kr 900 000 som ikkje er bokførte. Viss denne trenden held fram vil det bli ein meirinntekt mot justert budsjett.

Utbytter

Det var opphavleg budsjettet med kr 12 millionar i utbytte. Budsjettet blei justert opp kr 940 000 i 1. tertialrapport med bakgrunn vedtatt utbytte frå Haugaland Kraft for 2020. Vindafjord sin del blei 12,940 millionar kr. Utbytte frå SØK for 2020 kjem i tillegg med kr 130 000. Dette er utbetalt i periode 9, og talet er ikkje med i rapporten men vil gje eit lite positivt budsjettavvik samla for året.

Renteutgifter

Også renteutgiftene har blitt påverka av koronapandemien. Den kortsiktige effekten inneverande år blir likevel ikkje så stor, då mesteparten av låna har ei rente som er bunde ut året. I opphavleg budsjett var det likevel tatt høgde for ei god renteauke, samla er det sett av vel 14,3 millionar. Årleg rente for porteføljen var vel 11,4 millionar ved utgangen av januar. I 1. tertialrapport blei forventa renteutgifter justert ned til ca. 10,5 millionar.

Merk at rentene er delvis budsjettet på finans og delvis på rammeområde for forvaltning, drift og utvikling. Dette skuldast at rentene som gjeld sjølvkostområda er budsjettet på A.1515. Dette forklarar at det er eit stort avvik på den sentrale posten. Finansutgifter skal ikkje rekneskapsførast på sjølvkosttenester, og det blir i 2. tertialrapport foreslått å flytte desse til sentral finanspost. Rammeområde drift blir etter dette redusert med kr 6,839 mill. Dette er ein rein teknisk justering, då dette er midlar rammeområde ikkje direkte kan disponere.

Avdrag på lån

Opphavleg budsjett var kr 29 037 000. Dette er betydeleg over minstekravet etter kommunelova, og posten blei vedteke redusert me kr 10 millionar etter 1. tertialrapport for å delsaldere meirforbruket i rammeområda.

2. tertialrapport 2020

Det var opphavleg forventa å betale avdrag på lån ved forfall i august. Kommunen har betre vilkår på innskot enn prisen på korte innlån, så betaling av avdrag er blitt utsett. Avdrag vil bli betalt i november ved forfall på sertifikatlån. Dette er forklaringa på det store avviket per 2. tertial.

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rev. bud hiå. 2020	Rekneskap hiå. 2020	Avvik i kr hiå.	Oppr. bud.	Rev. bud. 2020	Avvik i kr
Avsetninger og bruk av avsetninger						
Overføring til investering	2 734	1 724	1 010	4 286	2 050	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	788	788	0
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-2 741	0	-2 741	7 124	3 011	0
Netto avsetninger	-7	1 724	-1 731	12 198	5 849	0

Kommunestyret sine budsjetterte avsettingar blir bokført i periode 12 ved avslutninga av årsrekneskapen. Føringar i rammeområda blir tatt fortløpande. Dette er til dømes føringar som Fond spelemidler.

Overføring til investering

Overføring av eigenkapitaltilskot er bokført med kr 1,724 mill. mot justert budsjett på kr 2,050 mill. Resten kan nyttast til finansiering av investeringar.

Det var opphavleg budsjettert med kr 4,286 mill. i overføringar til investeringsrekneskapen. Kr 2,05 millionar gjeld eigenkapitaltilskot i KLP, resten er generell finansiering av investeringar. Generell finansiering av investeringar blei justert ned med kr 2,236 mill. i 1. tertialrapport.

Opphavleg budsjett for avsetting til disposisjonsfond var kr 7,124 mill. 3 millionar kr av desse er forventa inntekter frå Havbruksfondet, resten er del av utbytte frå Haugaland Kraft. Avsettinga blei justert ned med kr 4,113 mill. i 1.tertialrapport.

Etter ny forskrift og delegeringsreglement skal kommunedirektøren ved årsavslutninga gjere opp eit eventuelt meir- eller mindreforbruk gjennom strykningar av bruk eller avsetting til disposisjonsfond. Etter dette skal ein eventuelt bruke eller setje av til disposisjonsfond.

Totaloversikt drift - fordelt på rammeområder

Beløp i 1000

Tjenesteområder	Rekneskap hiå.	Rev. bud. 2020	Årsprognose	Prognose avvik	Forslag til budsjett- justering
Finans	-56	0	0	0	0

2. tertialrapport 2020

Beløp i 1000

Tjenesteområder

	Rekneskap hiå.	Rev. bud. 2020	Årsprognose	Prognose avvik	Forslag til budsjett- justering
Administrasjon og fellesdrift	34 363	52 193	52 978	-785	0
Oppvekst og kultur	139 053	222 851	221 761	1 090	0
Helse og omsorg	178 865	246 613	257 041	-10 429	0
Forvaltning, drift og utvikling	30 073	54 485	52 667	1 818	-3 039
Sum rammeområder	382 298	576 142	584 447	-8 306	-3 039

Bokførte kostnader og tapte inntekter relatert til koronapandemien per 31. august

Oversikt over bokførte ekstraavgifter og mindreinntekter relatert til koronapandemien etter 2. tertial.

Kommunen har forsøkt å kartlegge direkte meirutgifter og mindreinntekter knytt til koronapandemien gjennom bruk av prosjektkoder i rekneskapen. Figuren nedanfor viser kva som er bokført på desse prosjektkodane fram til og med 2. tertial per rammeområde og per utgiftskategori. Dette er meirutgifter/mindreinntekter som er med i dei rapporterte tala så langt det ikkje er spesifisert noko anna nedanfor. Merk at ikkje alle utgiftene er ekstraavgifter utover budsjett. I nokon tilfelle viser dei omprioritering av ressursar frå "vanleg" drift til anna/ekstra drift i samband med pandemien, til dømes ved oppstart av luftvegslegevakt. Det er førebels ikkje gjort egne berekningar på dette. Det er heller ikkje i stor grad bokført noko ekstra kostnader på meirarbeidet som jamt over er utført innfor ordinær ramme i høve planlegging og omlegging av drift.

I tillegg er det vist effekten av med 4 % redusert arbeidsgjevargift i mai og juni. Denne er bokført i rekneskapen for august ut på alle einingane, og gir ei innsparing i høve budsjett. Innsparinga blei berekna inn som inndecking av meirforbruket med kr 2,9 mill. i 1. tertialrapport, så det er ei noko større innsparing enn lagt til grunn. Dette skuldast at prognosen tok utgangspunkt i budsjett-tal og ein margin på 5 %.

Til slutt er det tatt med ekstra løyvingar knytt til koronapandemien så langt.

Bokførte kostnader og tapte inntekter relatert til koronapandemien per 31.8.20					
Rammeområde					
Konto	Administrasjon og fellesdrift	Oppvekst og kultur	Helse og omsorg	Forvaltning, drift og utvikling	Sum
Lønn og sosiale utgifter		388 829	5 941 290	145 598	6 475 717
Forbruksvarer og tenester	41 485	129 338	1 454 321	130 257	1 755 401
Kjøp av tenester			111 419		111 419
Overføringer	8 100	693 779	295 664	30 613	1 028 156
Salsinntekter (mindreinntekt)		1 809 515 -	11 846,00		1 797 669
Refusjonar	- 8 100 -	261 950 -	425 272 -	30 613 -	725 935
Sum	41 485	2 759 511	7 365 576	275 855	10 442 427

2. tertialrapport 2020

Redusert arbeidsgjevaravgift							
*	-	189 665	-	1 209 076	-	1 737 563	- 274 020 - 3 410 324

* bokført august, gjeld mai og juni							

Refusjon IKKL frå Etne (bokført september)				-	411 923	-	411 923

Sum total	-	148 180		1 550 435		5 216 090	1 835 6 620 180

Spesifisering

oppvekst

Tapt foreldrebetaling barnehage		957 052	

Tapt foreldrebetaling SFO		428 009	

Kompensasjon private barnehagar		662 028	

Sum redusert foreldrebetaling barnehage/SFO		2 047 089	

Ekstra løyvingar	Sum
Ekstra rammetilskot	- 6 377 000
Skjønnsstilskot	- 382 924
Ref. redusert foreldrebetaling og barnehage/SFO	- 1 669 000
Sum hittil	- 8 428 924

Administrasjon og fellesdrift

Har hatt lite direkte ekstraavgifter. Det er bokført noko ekstra utstyr for å få tilsette på heimekontor, resten er knytt til avvikling av politiske møter utanfor kommunestyresalen i større lokalar på grunn av smitteomsyn. Det er likevel betydelege alternativkostnader ved omprioriteringar av ressursar til oppfølging og beredskap, og fleire viktige interne prosessar har blitt utsett.

Oppvekst og kultur

Skulane og barnehagane har hatt noko behov for ekstra bemanning og vikar. I høve til tilrettelegging for naudsynt smittevern har det vore ein fordel med mange skular og barnehagar med relativt god plass. Ved tre skular har ein måtte leige ekstra areal for å kunne gjennomføre undervisning i tråd med gjeldande retningslinjer.

Tapt foreldrebetaling i barnehage og SFO, inkludert erstatning til private barnehagar utgjorde ca. 2,05 millionar kroner. Dette er ein god del over dei kr 1,669 millionar kommunen blei tildelt gjennom fordelinga i rammetilskotet til dette formålet.

Helse og omsorg

Rammeområdet hadde store økonomiske utfordringar med tildelte rammer før pandemien, og det har

2. tertialrapport 2020

vore vanskeleg å jobbe med innsparingar i drifta i denne perioden. Det er etablert to midlertidige interkommunale samarbeid med Etne kommune for å løyse utfordringane knytt til oppfølging av pandemien.

Det blei brukt mykje ressursar på oppretting av felles kohort/smitte-avdeling i samarbeid med Etne kommune i perioden frå slutten av mars til mai. Etableringa av denne sette krav til mykje omleggingar internt og påverka den ordinære drifta ved dei to institusjonane i kommunen. Avdelinga har hatt relativt store etableringskostnader i høve til det faktiske behovet, då det i den aktuelle perioden berre var ein pasient innlagt.

Vindafjord kommunen er vert for interkommunal luftvegslegevakt og smittetesting i samarbeid med Etne kommune. Det er lagt om frå beredskapsdrift, og det er lagt plan med bemanning for meir varig drift. Samla ekstra kostnad per månad framover vil ligge mellom 300 000 og 350 000 kr. Etne kommune dekkjer 31,8 % av utgiftene.

I den ordinære drifta er det bokført om lag 1,4 millionar til vikarar, ekstra hjelp og overtid innan pleie og omsorg. Ekstra utgifter til medisinske forbruksvarar fram til og med august er ca. kr 775 000. I tillegg kjem kostnader til smitteavfall og vask av klede med om lag kr 225 000. For å sikre god oppfølging har ei mellombels vore avhengig av å auke opp ressursane til smittevernlege og kommuneoverlege. Dette har hittill kosta i underkant av kr 500 000.

Forvaltning, drift og utvikling

Rammeområde har hatt noko ekstra utgifter til dyrare og meir reinhaldsmateriell, og noko behov for ekstra reinhaldarar. Ved omprioritering av ressursar og god styring har ein likevel klart å halde ekstraavgiftene relativt låge. Det er mellom anna gjennomført periodisk reinhald når barnehagar og skular var stengd, som har gitt betre kapasitet seinare. For resten av året vert det stipulert behov for ekstra utstyr og reinhald for kr 150 000 utover budsjett.

Investeringar

Status på kommunen sine investeringar per 2. tertial 2020.

Administrasjon og fellesdrift

20001 Fornyng av IT-utstyr

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	3 125 000,-	2 933 598,-	191 402,-

Midlar til fornyng av serverar og nettverk. Dagens utstyr er på overtid av normal byttesyklus, og må skiftast ut. Dagens løysing bygger på at Vindafjord Kommune har eitt serverrom på rådhuset i Ølen. Ein ønskjer framover ei duplisert løysing med Etne Kommune, der kommunane kan dekke for kvarandre ved hendingar/feil, og redusere nedetid. Ein sikrar då redundans på kritisk utstyr utan at kvar kommune må ha duplisert utstyr

2. tertialrapport 2020

Det ble ved ein feil sett av kr 2,5 mill. inkl. mva. i staden for kr 2,5 mill. ekskl. mva i budsjettet. Derfor fekk prosjektet ei auka ramme med kr 625 000 inkl. mva. etter første tertial.

20003 Velferdsteknologiløysingar

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
980 000,-	480 000,-	-	1 460 000,-

Midlar sett av til å gjere investeringar i samband med innføring av løysingar innan teknologi. Midlane er knytt opp til det pågåande felles prosjektet mellom kommunane på Haugalandet, og er i økonomiplanperioden primært tenkt nytta til investeringar som følgje av det felles anbodet på meistrings- og tryggleiksteknologi for heimebuande. Så langt er dette løyst ved leasing av utstyr istadenfor innkjøp, slik at investeringsmidlane er ikkje nytta så langt.

20004 Prosjektleiing/kostkontroll

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	1 360 000,-	928 650,-	431 350,-

Midlar sett av til å dekke kostnader for stillingar knytt til prosjektleiing og kostkontroll av investeringsprosjekt.

Oppvekst og kultur

21002 Skuleutbygging Ølen – ombygging biblioteket

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
2 763 409,-	-	3 142 030,-	- 378 621,-

Midlar sett av til ombygging av biblioteklokalet ved Ølen skule etter at biblioteket flytta til Sjøperlo. Arbeid pågår. Ferdigstilt før skulestart hausten 2020. Ein reknar med ei overskriding på ca kr 200 000,- i prosjektet. Dette vert dekket av prosjekt 21003.

21003 Vidare utbygging og rehabilitering av skular/barnehage

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
388 453,-	1 000 000,-	399 793,-	988 661,-

Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for skular og barnehagar.

2. tertialrapport 2020

Asfaltering rundt Skjold barnehage er ferdigstilt. Ein del av midlane her er planlagt brukt til oppgradering av uteområdet ved Vats skule, saman med midlar frå 2019 på prosjekt 23016. Dette arbeidet er førebels sett på vent pga. at kostnader langt overstig tilgjengelege midlar.

21004 Kultur- og læringssenteret Sjøperlo

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-10 870 283,-	4 500 000,-	404 227,-	-6 774 510,-

Prosjektet er i ferdigstilt. Sluttoppgjer pågår. Meirkostnadane skuldast bl.a. dyrare grunn- og betongarbeid (pæling) enn forutsatt, manglar ved prosjektering og endringar og tilleggsbestillingar undervegs. Prosjektet inkluderer også inventar, som tidlegare har vore ført på eiga prosjektnummer (21013). Det vil bli utarbeidd sluttrapport på prosjektet.

21009 Aktivitetspark

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-120 583,-	500 000,-	11 774,-	367 643,-

Parken er i all hovudsak ferdigstilt, kun avvik etter 1 års-befaring gjenstår å rette. Innvilga søknad på spelemidlar gir betre uttelling enn budsjetttert. Sluttoppgjer gjenstår

21010 Gjenoppbygging Skjold skule – dekkav forsikring

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-2 276 573	-	4 845 248,-	-7 121 821,-

Alle fakturaer knytt til kostnadane ved gjenoppbygginga av Skjold skule vil bli betalt av Vindafjord kommune, og så får ein dekkav kostnadane frå forsikringsselskapet etter kvart. Kostander som skal dekkast av KLP vert ført her, og prosjektet skal gå i null til slutt. Kommunen fekk ei akontoutbetaling på 5,3 millionar i mai.

21011 Vindafjordhallen

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
902 390,-	-	-	902 390,-

Vindafjordhallen brann ned til grunnen natt til 22.7.2019. Då hallen brann ned var alt arbeidet knytt til KS-sak 060/18 allereie utført. Arbeidet med oppgradering av ventilasjonsanlegg i bygget var omtrent halvvegs. Endeleg oppgjer med entreprenør er førebels uavklart.

21012 Gjenoppbygging Skjold skule – Vindafjord kommune

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
------------------------	---------------	--------------	-----------------

2. tertialrapport 2020

8 530 546,-	-	6 673 872,-	1 856 674,-
-------------	---	-------------	-------------

Kostnader knytt til oppgradering av mellomtrinnsdelen av Skjold skule i samband med gjenoppbygging av skulen etter brann (KS-sak 052/18). 1 mill. av dette er satt av til å dekke innkjøp av pc-ar, inventar og liknande til skulen. Prosjektet er ferdigstilt. Sluttoppgjer gjenstår.

21014 IT-plan skule

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-21 638,-	1 100 000,-	1 052 685,-	25 677,-

Det er gjort innkjøp av it-utstyr i tråd med plan.

23016 Uteanlegg skule – barnehage

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
480 000,-	500 000,-	-	980 000,-

Fjorårets midlar er sett av til oppgraderingar av uteområdet ved Vats skule, og vert gjort i samarbeid med vann- og avløpsavdelinga ettersom også leidningsnettet i området må oppgraderast. Arbeidet er satt på vent ettersom kostnad langt overstig tilgjengelege midlar.

Budsjettmidlar for 2020 er sett av til leikeapparat på Imsland skule og barnehage og Bjoa skule og barnehage, og ein avventar den vidare prosessen med barnehage- og skulebruksplan før dette arbeidet vert starta.

23017 El-tavle Ølen gymbygg

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	950 000,-	-	950 000,-

I Ølen gymbygg er enkelte elektriske tavler så gamle at det byr på utfordringar å få tak i deler. El-kontroll avdekka også fleire avvik. Oppgradering må tas i samband med at ventilasjons- og varmeanlegg vert oppgradert. Det er sett av midlar til dette i budsjett 2020, sjå prosjektnummer 23041. Desse to prosjekta vil bli vurdert slått saman til eit prosjekt.

Helse og omsorg

22001 Bustadar til helse- og omsorgsføremål

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
7 937 227,-	19 800 000,-	147 714,-	27 589 513,-

Midlar satt av til bygging av omsorgsbustadar for psykisk/fysisk funksjonshemma i Ølen for å erstatte Seljebakken, som skal nyttast til andre føremål. Kostnader så langt er knytt til prosjektering.

22004 Aktivitetshuset – utviding med vaskehall

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
0 (1 000 000,-)	-	-	0 (1 000 000,-)

Før vaskehall kan byggast, må mellombels bustad flyttast. Ein ser nå på alternative plasseringar for denne bustaden. Det er sett av midlar til flytting i budsjett 2020, men prosjektet er ikkje høgt prioritert på noverande tidspunkt, og det vert foreslått å utsetje prosjektet til 2021.

22006 Vindafjordtunet - reservestraumsaggregat

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
2 744 852,-	-	-	2 744 852,-

Det vart installert naudstraumsaggregat ved Ølen omsorgssenter til bruk ved straumbrot i 2015. Det er planlagt tilsvarende tiltak for Vindafjordtunet. Arbeid med dette er ikkje starta, då det har vist seg utfordrande å finne gode løysingar for dette.

22008 Vindafjordtunet – Ventilasjonsanlegg

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
3 200 000,-	2 030 000,-	-	6 150 000,-

Ventilasjonsanlegg for delar av Vindafjordtunet er gamle og fungerer dårleg. Dette er spesielt tydeleg om sommaren, då innetemperaturene kan bli høge. For å betra situasjonen vil ein sjå på moglege løysingar for å få oppgradert anlegget og ev. få installert kjøling.

Summen er basert på eit tidlegare prosjekt, men for å få rett kostnad, må det utførast prosjektering. Prosjektering er ikkje starta, men konkurranse om rammeavtale for VVS-konsulent er lyst ut.

920 000 kr vart tatt ut av budsjettet i tertialrapport 1 pga delvis forskyving til 2021.

22010 Vindafjordtunet – Bemanna omsorgsbustadar

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
0 (500 000,-)	-	-	0 (500 000,-)

Midlar sett av til mindre ombygging av bustadar inne på Vindafjordtunet. Prosjektet er ikkje starta pga. endring i behov og at det difor ikkje er avklart kva ombygging som trengs. Prosjektet vart tatt ut av investeringsporteføljen etter vedtak i samband med 1. tertial.

22011 Skjoldali – tak på bustadar

2. tertialrapport 2020

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
2 200 000,-	-	-	2 200 000,-

Utsatt pga. manglande kapasitet, og andre prosjekt har høgare prioritet.

22014 Flytting av hardbruksbustadar og riving

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	0 (1 000 000,-)	-	0 (1 000 000,-)

To bustader som vart mellombels oppført for nokre år sidan, må flyttast. Dei har berre midlertidig bruksløyve der dei er plassert i dag og den eine står i vegen for bygging av vaskehall ved Gnisten. I samband med kjøp av areal til Beredskapssenteret kjøpte kommunen også nabotomta. Ein gjennomgang av huset på tomta viser at dette er eit rivingsobjekt. Riving av huset gir også betre høve til plassering av bustadane.

Prosjektet vart utsett i tertialrapport 1 så prosjektet har ingen midlar i 2020.

22015 Vindafjordtunet - kjøkken

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	464 686,-	- 464 686,-

Oppgradering av kjøkkenet på Vindafjordtunet for å kunne starte produksjon av varmmat. Dette er eit tiltak som vil spare driftskostnader. Husbanken gir støtte til oppgraderinga. Resten av kostnadane vert dekket av midlar frå 23002. Kjøkkenet er nå i drift, men mindre tiltak gjenstår.

23018 Oppgradering bustader

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	480 000,-	-	480 000,-

Oppgradering av kommunale bustadar. Planlagt oppgradering av ein bustad i Sandeid bufellesskap i september.

Forvaltning, drift og utvikling

23002 Oppgradering kommunale bygg og anlegg

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
1 213 824,-	1 900 000,-	40 000,-	3 073 824,-

Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for kommunale bygg og anlegg.

2. tertialrapport 2020

Delar av summen er sett av til ombygging på Ølen omsorgssenter for å betre garderober tilhøva for dei tilsette og tilpasse lokala som har vore brukt til legekontor til bruk for ØOS. Dette er sett på vent pga. at lokala nå vert nytta til luftvegslegevakt og testsenter for koronaviruset.

Elles er det planlagt å nytte av desse midla til ombygging av kjøkkenet på Vindafjordtunet (22015), ombygging av lokaler til NAV som følgje av at det er vedteke at NAV Vindafjord og NAV Etna skal slå seg saman (23043) og ferdigstilling av området ved rådhuset etter riving av ambulansegarasjen.

23005 Strategisk eigedomskjøp

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
14 474 949,-	2 000 000,-	-	16 474 949,-

Midlar sett av til kjøp av eigedomar til næringsutviklings- og bustadføreml.

Mesteparten av midlane er avsatt til kjøp av areal til Nerheim industriområde (Ølen næringspark). Prosessen med overskøyting av areal pågår.

23006 Beredskapssenteret

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-6 851 644,-	4 200 000,-	963 253,-	-3 614 897,-

Beredskapssenteret er ferdigstilt. Alle endringar for å ivareta HBR IKS er gjennomført og vareheis er montert. Overskriding er i hovudsak knytt til leveranse av spesialutstyr, manglar ved prosjektering og endringar og tilleggsbestillingar undervegs. Det vert arbeida med ein felles mal for leigeavtale for alle kommunane som er knytt til HBR IKS, og dette utstyret må innarbeidast i denne leigeavtalen. Noko utstyr skal og fakturerast Helse Fonna. Sluttoppgjer gjenstår. Bygget vart offisielt opna 28. september 2020. Det vil bli utarbeidd sluttrapport på prosjektet.

23008 Kommunale vegar/ infrastruktur

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
1 068 778,-	954 560,-	545 877,-	1 477 461,-

Midlar nytta til oppgradering eller rehabilitering av kommunale vegar med tilhøyrande infrastruktur som bruer, murar mm.

Kommunen har etter gamle avtalar ansvar for vedlikehald av ferister på fylkesvegar. Fleire av feristene er i dårleg stand, og i eit samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen er desse nå skifta. Kommunen har betalt sin del av prosjektet.

Det er også sett av kr 400000,- til å fullføre vedtak i DUK-sak 048/13 i samband med oppgradering og mogleg privatisering av Vågafossvegen.

Budsjettmidlar for 2020 er planlagt nytta til bl.a. trafiksikringstiltak i Skjold (23039), Ølensvåg og Vikedal.

23009 Trafikksikring

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
167 593,-	500 000,-	-	667 593,-

Midlane vert nytta til eigendel på trafikksikringstiltak som Rogaland fylkeskommune har gitt tilskot til, og til trafikksikringstiltak som ikkje har andre finansieringskjelder.

Sjå også prosjekt 23008 Kommunal infrastruktur, 23036 Vossasvingane og prosjekt 23039 Skjoldavik - trafikksikring.

23010 Uteområde Sandeid samfunnshus

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
1 000 000,-	-	-	1 000 000,-

Fokus Sandeid, Sandeid samfunnshus og andre interessentar arbeider saman med kommunen på eit forslag til utforming. Fylkeskommunen sitt arbeid med gang- og sykkelveg frå Sandeid kyrkje til Lærdal vil koma inn på delar av området, så sjølve oppgraderinga må utførast i samråd med dei.

23013 Sal eigedomar

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-125 104,-	-	-200 000,-	74 896,-

Kostnader og inntekter knytt til sal av kommunale bygg og eigedomar. Utgifter vert dekkja av salsinntektene.

23019 Veg Gartnerihagen

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
6 731 887,-	-2 000 000,-	55 236,-	4 676 651,-

Grunna tekniske utfordringar med å få ført fram vegen i samsvar med reguleringsplan har ein fått godkjent alternativ løysing hjå Statens vegvesen. Denne løysinga gjer prosjektet rimelegare, og ein flyttar difor midlar frå dette prosjektet, og til arbeidet med trafikksikring i Skjoldavik (23039). Avtalar med grunneigarane er inngått, arbeid med alternativ løysing pågår. Prosjektering for vegstrekninga elles pågår.

23021 Veg Lio-feltet

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
454 560,-	545 440,-	-	1 000 000,-

Ein har ikkje hatt kapasitet til å starte dette prosjektet.

2. tertialrapport 2020

23025 Hengebru Mo – Nes

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
1 101 660,-	-	36 952,-	1 064 708,-

Brua er montert og det er gitt mellombels bruksløyve. Retting av avvik pågår, overtaking er venta innan kort tid.

23027 Miljøgate Vikedal – Holmen (kommunal veg)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	21 077,-	-21 077,-

Kostnader er knytt til grunnnerv. Ein har nå inngått avtale med dei fleste grunneigarane. Vert dekkja av 23008. Arbeidet er planlagt utført etter utbygging av bustadfelt på Holmen og etter at Fv.46 er oppgradert til miljøgate.

23033 Nerheim – næringstomter (opparbeining)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
11 149 279,-	7 900 000,-	992 575,-	18 056 704,-

Kostnader her er knytt til konsulenttenester og juridisk bistand i arbeidet med å danne utbyggingsselskap for området. Ølen næringspark AS er stifta. Selskapet skal kjøpe opp området og stå for utbygginga av området. I tillegg til medgått over kjem 490 000 som kommunen sin del til aksjekapital i selskapet.

23034 Skifte av veglys-armatur til LED

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
634 755,-	-	167 988,-	466 768,-

HQL-armaturar er skifta til LED i Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats og Skjold. For å få skifta HQL-armaturar i det tidlegare SØK-området må det utførast eit kartleggingsarbeid ettersom lysmastene der ikkje er innmålt, merka eller registrert med type armatur. Dette arbeidet pågår. Det er nytta HQL-armaturar på fleire kommunale plasser og område. Utsifting av desse vert også ein del av prosjektet.

23035 Breibandprosjekt

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
4 777 453,-	750 000,-	-	5 527 453,-
- 1 700 000,-			

2. tertialrapport 2020

Kommunen har prioritert 5 område for utbygging av breiband som det er skreven intensjonsavtale om gjennomføring. Dørheim- Fikse er gjennomført og det er signert avtale på 2 delprosjekt mellom Ølen og Sandeid. Bygging pågår. Det er ikkje økonomi til å gjennomføre alle 5 prosjekta i økonomiplanperioden. Det er sendt inn ny søknad om NKOM – midlar til delprosjektet i Vikedalsdalen. Mål om 100% breibandsdekning og ein plan for gjennomføring må inn i neste økonomiplanarbeid.

I tillegg til manglande breiband er det også fleire stadar dårleg mobildekning. For å få på plass tilfredstillande 4- G dekning i heile kommunen har me inngått ein intensjonsavtale med Telenor. 1 700 000,- er dirfor flytta frå 23035 til 23042.

23036 Vossasvingane

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-1 839 075,-	-	- 822 978,-	-1 016 097,-

Vindafjord kommune vart tildelt TS-midlar 1,5 millionar i 2017 og 1,5 millionar i 2018. Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom Vindafjord kommune, Statens vegvesen/Rogaland fylkeskommune og Haugaland kraft. Prosjektet er i all hovudsak fullført, anleggsbidrag frå fylkeskommunen og Haugaland kraft er mottatt, men deler av sluttoppgjær gjenstår.

Det er lagt vass- og kloakkleidningar i traséen. Sjå også 25024.

23037 Nytt golv – Ølen idrettshall

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	-	-

Golv er ferdigstilt. Kostnadar godt over budsjett pga. nødvendig avretting av eksisterande golv. Det overstigande vart dekket av midlar frå 23002 i årsoppgjeret 2019, men ein vil søkje om å få spelemidlar til prosjektet. Desse vert då overført til 23002.

23039 Skjoldavik – trafikksikring

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
1 631 353,-	2 000 000,-	820 308,-	2 811 045,-

Restmidlar er sett av til bygging av fortau i samsvar med reguleringsplan i Skjoldavik. Prosjektering pågår. Bygging av fortau var planlagt i løpet av 2020. Anbud vart lagt ut i sommar, men konkurransen vart avlyst og anbudet vert lysst ut på nytt i haust. Plan for trafikksikring for Skjoldavikvegen på strekninga Isvik - Vikaneset er under utarbeiding.

Det er etablert opphøgde kryss med ny oppmerking og intensivbelysning for krysset mellom Skjoldavikvegen og Vikanesvegen. Fartsgrensa er også sett ned til 30 km/t forbi krysset.

2. tertialrapport 2020

Det er venta at prosjekt 23019 vert billigare enn først budsjettert pga ny løysing. 2 000 000,- er difor flytta frå 23019 til 23039.

23040 El-bil lade plass

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
251 891,-	-	38 857,-	213 034,-

Restmidlar er planlagt nytta til etablering av el-bil lade plass ved Rådhuset.

23041 Gymbygg/basseng Ølen – nytt ventilasjonsanlegg

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	3 500 000,-	-	3 500 000,-

Ventilasjons- og varmeanlegget i Ølen gymbygg er svært gammalt, i dårleg stand og det er ikkje råd å finne reservedelar til anlegget. Anlegget må difor skiftast. Prosjektering er ikkje starta, men det er lyst ut konkurranse om rammeavtale for VVS-konsulent for å prosjektere dei mange ulike VVS-prosjekta kommunen har sett av midlar til i budsjettet.

23042 Samarbeidsprosjekt mobilutbygging med Telenor

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	1 700 000,-	5 625,-	1 694 375,-

Vindafjord Kommune omdisponerer ubrukte budsjetterte breibandsmidlar på kr. 1 700 000 til kommunal finansiering av utbygging av tilfredsstillande 4G-dekning i kommunen, i samsvar med inngått intensjonsavtale mellom Telenor og Vindafjord Kommune, slik at det kan vere mogeleg å starte denne utbygginga i 2020.

Innan utgangen av 2021 skal 8-10 mastar byggast i område som ikkje har tilstrekkeleg dekning i dag. Våren 2020 er nytta til kartlegging for å finne best plassering av desse mastene. Telenor vil sette opp mast og hytte mens kommunen må sikre kraft fram til mast og avtale med grunneigarane

23043 NAV-ombygging

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	30 696,-	-30 696,-

Som følge av at NAV Vindafjord og NAV Etne har slått seg saman, er det behov for større lokale til NAV. Dette vil ein prøve å løyse ved å nytte arealet tidlegare brukt av ambulansetenesta i tillegg til noko auka areal på rådhuset. Prosjektering pågår. NAV Stat dekkar 42% prosjektet, i samsvar med samarbeidsavtale.

Kostnadar vert dekkja av 23002.

23044 Tak Sandeid gymbygg

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	650 000,-	456 250,-	193 750,-

Taket på Sandeid gymbygg er reparert. Prosjektet vart noko rimeligare enn venta. Restmidlane vert nytta til oppgradering av garderobane etter avvik frå Miljøretta helsevern

23045 Oppgradering av ventilasjonsanlegg m.m. - Rådhuset

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	3 000 000,-	-	3 000 000,-

Det er dårleg ventilasjon i den gamle delen av Rådhuset. Det er også nødvendig med enkelte oppgraderingar og ombyggingar for å ivareta det fysiske arbeidsmiljøet på bygget og betre tilpasse det til dagens behov.

For å finne rett kostnad for prosjektet må det først utførast prosjektering. Budsjettet er difor svært usikkert. Prosjektering er ikkje starta, men konkurranse om rammeavtale for VVS-konsulent vert lyst ut i løpet av kort tid.

Kyrkja**24001 Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar**

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
1 499 183,-	300 000,-	-	1 799 183,-

24002 Ølen kyrkjegard, ny veg, parkering og utviding

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
7 473 970,-	-	-	7 473 970,-

Planforslaget er vedteke. Prosess knytt til avtale om grunnnerverv har stoppa opp.

VAR-området**Kloakk (K)**

2. tertialrapport 2020

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
21 213 932,-	13 750 000,-	4 511 272,-	30 452 660,-

Samleprosjekt for kloakk. Budsjettmidlar for alle anlegg er lagt her. Sjå under detaljar for kvart prosjekt som er med i summane.

Vatn (V)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
4 570 079,-	13 000 000,-	4 701 438,-	12 868 641,-

Samleprosjekt for vatn. Budsjettmidlar for alle anlegg er lagt her. Sjå under detaljar for kvart prosjekt som er med i summane.

25001 Kloakk (K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	87 691,-	- 87 691,-

Midlar nytta til fleire mindre prosjekt knytt til avløp og overvasshandtering.

25002 Vatn (V)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	168 503,-	- 168 503,-

Midlar nytta til mindre prosjekt knytt til produksjon og levering av drikkevatt.

25007 Kloakksanering Litle Nerheim, nedre

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	267 890,-	- 267 890,-

Prosjektering av framtidig kloakksanering av Litle Nerheim, nedre i Ølen. Samarbeidsprosjekt med Ølen vassverk og Haugaland kraft. Planlagt oppstart i 2020 og ferdigstilling i 2021.

25017 GS-veg E134 Ølen – Ølensvåg – Avløp (K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	70 136,-	- 70 136,-

2. tertialrapport 2020

Prosjektet er utført i samband med Statens vegvesen si utbygging av gang- og sykkelveg mellom Ølen og Ølensvåg. Arbeidet med den kommunale kloakkleidningen er ferdigstilt. Alle aktuelle abonnentar er knytt til. Arbeid med sluttoppgjer pågår.

25019 VA – Miljøgate Vikedal - Holmen (V/K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	-	-

Rehabilitering av VA-anlegg i kommunal veg. Planlagt utført etter at Fylkeskommunen har fullført opparbeiding av miljøgate i Vikedal og utbygging av bustadfelt på Holmen er ferdig.

25020 VA – Miljøgate Vikedal - SVV (V/K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	86 136,-	- 86 136,-

Rehabilitering av VA-anlegg i og ved Fv 46. Prosjektering pågår. Fylkeskommunen står for utsending av anbod.

25022 Østbøfeltet – Hålandsbakken (V/K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	1 328 041,-	- 1 328 041,-

Ein mindre del av den nordre del av Østbøfeltet i Sandeid er ikkje knytt til offentlig avløp. I samband med at det vart grave for fiber vart det også lagt sjølvfallsleidning for avløp. Vassleidning vart fornya og Statens vegvesen fornya overvassanlegg og veglys. Prosjektet er ferdigstilt.

25024 VA - Vossasvingen (V/K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	2 230,-	- 2 230,-

Det er lagt leidningar for vatn og avløp i traséen der det vart bygd ny G/S-veg. Dette gir eit viktig bidrag til å få etablert ringleidning i området. Leidning for avløp er ført mot sør så langt det er gjort gravearbeid.

Arbeidet er ferdigstilt. Sluttoppgjer gjenstår.

25025 Ny pumpestasjon i Fiskerihamn i Ølen (K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
------------------------	---------------	--------------	-----------------

2. tertialrapport 2020

-	-	101 109,-	-101 109,-
---	---	-----------	------------

Nødvendig pumpestasjon for å knytte vestsida av Ølen til det kommunale avløpssystemet. Pumpestasjonen er sett i drift og prosjektet er ferdigstilt. Med dette prosjektet er to ureina kommunale utslepp til Ølsfjorden knytta til hovudkloakken i Ølen.

Prosjekt og sluttoppgjer er ferdigstilt.

25026 VA – G/s-veg Håkull-Trovåg (V/K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	5 833 170,-	- 5 833 170,-

Samarbeidsprosjekt med Fylkeskommunen der det blir lagt hovudvassleidning med tanke på framtidig samanknytning mellom Skjold og Vikebygd. Inntil vidare vil leidninga gi ringleidning til Trovågfeltet. Det blir lagt avløpsleidning for del av strekket som har sjølvfall mot Isvik. Det vert også lagt pumpeleidning for kloakk i traséen, i samsvar med DUK-sak 041/18. Arbeid med hovudanlegget er nær ferdigstilt. Tilknytning av nye abonnentar pågår.

25027 Pumpestasjon Prestabrygga - Vikebygd (K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	688 425,-	- 688 425,-

Arbeid for å oppgradera eksisterande anlegg og sanera avløpsutslepp frå båthamna. Arbeid er nær ferdigstilt.

25028 Høgdebasseng Skjold (V)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	-	-

Det er planlagt å bygga høgdebasseng i nærleiken av Dalavikvegen. Arbeidet med grunnavtalar er signert.

25029 Pumpestasjon Elvetangen aust, Sandeid (K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	13 671,-	- 13 671,-

Utskifting av gamal pumpestasjon for å sikre framtidig drift og ivareta HMS for driftsoperatørane. Vassleidningar i området er også skifta ut. Prosjektet er ferdigstilt.

25030 Vassleidning Blikravegen (V)

2. tertialrapport 2020

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	18 600,-	-18 600,-

I samband med at Haugaland kraft legg ny høgspeint og fiber vert det lagt vassleidning langs ein strekning av Blikravegen, Vats. Prosjektet er ferdigstilt, siste faktura gjenstår.

25031 Oppgradering Imsland vassverk (V)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	146 858,-	-146 858,-

Det er utfordrande å halde rett pH-verdi på drikkevatnet i Imsland. For å avhjelpe dette vert det gjort tiltak på vassverket. Høgdebassenget har behov for rehabilitering.

25032 Vassleidning Isvik - Dalavikkrysset (V)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	278 968,-	- 278 968,-

I samband med Statens vegvesen sitt arbeid med breiddeutviding og rumlefeldt på E134 frå Isvik til Lie skiftar ein ut vassleidningen på strekninga Isvik – Dalavikkrysset. Denne vassleidninga er av dårleg kvalitet og er svært utsatt for lekkasjar. Arbeidet er viktig for å sikre vasskvalitet og leveringssikkerheit i Skjold.

25033 Skifte av membranar - Skjold vassverk (V)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	151 234,-	- 151 234,-

Membranane som reinsar drikkevatnet i Skjold har hatt si levetid og må skiftast ut. Nye er bestilt.

25034 Nesheim pumpestasjon (K)

Restmidlar før 2020	Budsjett 2020	Medgått 2020	Restmidlar 2020
-	-	7 248,-	- 7 248,-

Pumpestasjonen er i dårleg forfatning og må rehabiliterast.

Finans- og gjeldsforvaltning

Kommunen si samla lånegjeld per 31. august 2020 var 574,3 mill. kr, med ei snittrente på 1,82 % og kapitalbindingstid på 2,36 år. Kommunen sine verdipapir har hatt ei positiv avkastning hittil i år på om lag kr 900 000.


2. tertialrapport 2020

Gjeld

Total lånegjeld per 31. august var ca. kr 574,6 mill. Omlag kr 24,8 millionar av dette er lån i Husbanken for vidare utlån (Startlån). Snittrenta for porteføljen er redusert frå 1,86 % ved nyttår til 1,45 % ved 2. tertial. Om lag 63 % av låneporteføljen har rentebinding under 1 år. Den gjennomsnittlege rentebindingstida er noko redusert og var 1,65 år på rapporteringstidspunktet. Kapitalbindingstida (kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol forfell til betaling) er redusert frå 2,64 år til 2,11 år. 58,6 % av låna har forfall det kommande året.

Kommunen har nytta seg av sertifikatlån gjennom året, og dermed fått dratt nytte av dei fallande rentene. I slutten av januar blei det inngått 3 mnd. sertifikatlån til 1,87 % rente. Den vidare refinansiering av dette lånet illustrerer godt utviklinga i rentemarknaden gjennom året. I midten april fekk kommunen ein avtale med rentebinding i 4 mnd. til 1,069 %. To veker seinare låg renta for tilsvarande lån rundt 0,6 til 0,7 %, og det var mogleg å inngå rentebindingar på 5 år til 1,1 % rente. Same lån blei på nytt refinansiert i august. Lånet blei delt i to, årets avdrag på vel kr 19 millionar blei refinansiert i 3 mnd til 0,25 % rente og resten (67 mill. kr) i eit 8 mnd. sertifikatlån til 0,46 % rente.

Utvikling gjennomsnittrente



Rentesensitiviteten ved ei auke på 1 % rente var 30.04.2020 om lag kr 3,6 millionar. Denne speglar at ein har ein relativt stor del lån med kort løpetid. Merk at den ikkje tar høgde for effekten av endra innskotsrenter eller endra rente som ligg til grunn for sjølvkost innan vatn og avlaup og investeringar finansiert med rentekompensasjon frå Husbanken.

Aktiva

Kommunen har plassert likviditet i bank, eigenkapitalbevis og sertifikat/obligasjonar. Samla marknadsvardi ved årsskifte for plasseringane var 85,4 millionar kr i obligasjonar og 20,5 millionar kr eigenkapitalbevis. Rapportane frå kommunen sine forvaltarar viste ei samla negativt avkastning per 1. tertial på omlag 3,5 millionar kr. Ved 2. tertial er rapport avkastning hittil i år på litt under 900 000 kr. Det er spesielt eigenkapitalbevis som trekk ned med framleis negativt resultat hittil.

2. tertialrapport 2020

Ved utgangen av august hadde kommunen omlag 135 millionar kr (ekskludert skattetrekk) i bankinnskot. Den høge saldoen skuldast utsette betalingsfristar som følgje av Covid-19. Renta på bankinnskot var omlag 0,7 % ved utgangen av 2. tertial.

Risikoen i porteføljen ved stresstest i tråd med finansreglementet (20 % kursfall og 2 % renteskift) er samla 4,3 millionar kr. Dette blir vurdert som eit akseptabelt nivå som er mogleg å handtere for kommunen.

Marknadsvurdering

Både norsk og internasjonal økonomi er sterkt prega av tiltak i samband med pandemien, og rentenivået hittil i år er kraftig ned. Ved årsskifte var styringsrenta frå Norges Bank på 1,5 %, og den mest sannsynlege prognosen viste ei uendra rente framover. Flytande p.t.-rente i Kommunalbanken var 2,4 % og indikative lånerenter for kommunane låg på 2,19 % for lån med rentebinding i 3 månadar til 2,28 % for rentebinding i 5 år.

Styringsrenta i Norges Bank var på rapporteringstidspunktet 1. tertial redusert med 1,25 %. Den blei ytterlegare redusert ned til 0 % i rentemøte 7. mai. Dette nivået har heldt seg fram til 2. tertial, og Norges Bank forventar at det nivået vil helde seg i lang tid framover. NIBOR 3 mnd. har og stupt i perioden. I midten av mars, før dei største nasjonale tiltaka mot Covid-19 blei sett i verk, var den 1,92 %. Ved rapporteringstidspunktet for 1. tertial var den redusert til om lag 0,5 %. I frå mai og fram til utgangen av september har renta stort sett vore mellom 0,25 - 0,35 %.

Koronapandemien, og det påfølgjande låge rentenivået, verkar inn både på kommunen sine utgifter til gjeld og kommunen sin inntekter på pengeplasseringar. Dette viste seg spesielt rett etter utbrotet i 1. halvdel av 2020, der status var negativ avkastning for kommunen sine langsiktige finansielle aktiva. Marknaden svinga raskt på kort tid, ved utgangen av februar var det ein avkastning hittil i år på omlag 0,6 millionar og ein månad seinare var verdien ned 6 millionar. Plasseringane er plassert i tråd med ein langsiktig strategi, og kommunen må ta høgde for slike svingingar.

Avvik

Ved rapporteringstidspunktet er det eit avvik i finansforvaltninga i høve reglementet. I finansporteføljen forvalta av Bergen Capital Management AS er durasjonen i porteføljen 0,37 år. Dette er eit avvik frå gjeldande finansreglement som seier at renteporteføljen skal ha ei varigheit (durasjon) på mellom 0,5 år og 3,0 år avhengig av renteforventing. Forvaltar har meldt at avviket vil bli korrigert og durasjonen i porteføljen skal aukast. Det blir ikkje vurdert til å vere eit betydeleg avvik.

Det blir elles vist til dei vedlagte rapportane frå Bergen Capital Management og SR Forvaltning for meir detaljar.

Sjukefråvær og internkontroll

Sjukefråværet (inkl. eigenmeldingar) i 2. kvartal 2020 var på 6,1 %. Det er 0,2 prosentpoeng høgare enn same periode i 2019, men me ser at korona har ein viss aukande effekt på fråværet.

Til no i 2020 ligg fråværet på 6,8%. Ca. 0,5 % av dette er innrapportert som korona-relatert fråvær. Korrigert for dette ligg ein lågare i 2020 enn i 2019, og fråværet har ikkje vore lågare i fyrste halvår sidan 2016. Det har vore normal mengde av innmeldte avvik i avvikssystemet.

2. tertialrapport 2020

Utvikling sjukefråvær

Samla sjukefråvær for organisasjonen i andre kvartal var på 6,1%. Dette inkluderer eigenmeldt og sjukemeldt fråvær. Ti av tjuefem einingar nådde sitt differensierte mål for nærvær denne perioda.

Det er som vanleg langtidsfråværet, det som strekk seg over ti dagar i lengd, som utgjør størstedelen av talet (5,45% til no i år). Me ser også ei lita auke i det eigenmeldte fråværet til no i år, og ser dette i samband med koronasituasjonen og reglane for å vera heime ved eigen eller borns sjukdom. Korona-relatert fråvær utgjør ca. 0,5 % av alt fråværet til no i år. Det kan vera høgare, ettersom me ikkje fekk rapporteringssystem på dette før etter nedstenginga. Det er sannsynleg at det korona-relaterte fråværet vil auka i haust/vinter, både på grunn av tilsette sin sjukdom og tilsette sine born sin sjukdom. Me får refusjon frå staten på korona-relatert fråvær frå 4. dag.

6,1 % i andre kvartal er verken spesielt høgt eller lågt samanlikna med tidlegare år. Sjukefråværet er som regel alltid høgt i 1. og 4. kvartal.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
1. Kvartal	7,2	7,0	7,6	6,2	8,9	6,4	9,6	9,5	7,0	7,5
2. Kvartal	5,0	6,2	6,7	5,2	7,7	6,8	7,5	8,0	5,9	6,1
3. Kvartal	4,2	5,4	4,4	5,2	6,1	5,1	6,0	6,0	4,2	
4. Kvartal	5,9	7,1	5,5	8,1	7,1	6,9	7,7	8,0	7,0	
Samla for året	5,6	6,4	6,1	6,2	7,5	6,3	7,7	7,9	6,0	6,8

Det vert framleis jobba med sjukefråvær- og nærværarbeid i Vindafjord. NED-prosjektet i samarbeid med NAV Arbeidslivssenter pågår, men har vore satt litt på vent pga koronasituasjonen og alt arbeid kring den.

Internkontroll

I Vindafjord kommune er det så langt i 2020 meldt 253 avvik gjennom avvikssystemet i RISK. Av desse vart 128 meldt i 1. tertial og 125 meldt i 2. tertial. Dei aller fleste av desse avvika vart lukka forholdsvis umiddelbart, og ved utløp av 2. tertial var det 9 opne avvik i organisasjonen.

Befolkningsutvikling 2. Kvartal 2020

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Folketall ved inngangen av kvartalet	8 197	8 298	8 447	8 706	8 753	8 765	8 788	8 828	8 793	8 743	8 714
Fødselsoverskudd	30	40	43	29	31	8	44	27	7	22	1
Nettoinnflytting, inkl. inn og utvandring	70	106	125	102	-13	16	-6	-62	-57	-52	-39
Folkevekst	101	149	168	132	18	23	40	-35	-50	-29	-38
Folketalet ved utgangen av kvartalet	8 298	8 447	8 615	8 747	8 765	8 788	8 828	8 793	8 743	8 714	8 676

1. juli 2020 var det totalt 8 676 innbyggjarar i Vindafjord kommune. Hittil i år gir det ein reduksjon på 38 personar (-0,44 %). Folketalet i Noreg har i same periode auka med 0,13 %.


Vindafjord kommunen fortsetter trenden med nedgangen i folketalet. I eit lengre perspektiv har kommunen hatt stor vekst i perioden frå 2008 til 2014, med ein litt flatare vekst fram mot 2017. Etter

2. tertialrapport 2020

dette har trenden vore nedadgåande og det har vore ein reduksjon i 12 av dei 14 kvartalane sidan toppen på 8 829 personar i 2017.

Det har vore eit lite fødselsoverskot kvart år gjennom perioden, men det er netto innflytting som dei fleste åra har påverka utviklinga i størst grad.


Folketalet 1. juli 2020 er viktig då det vert lagt til grunn for dei fleste fordelingane kommunen får gjennom rammetilskotet i Statsbudsjettet 2021. Ein reduksjon i folketalet betyr lågare rammetilskot.



Viss ein ser nærare på endringane siste kvartal er det eit negativt fødselsoverskot på 3 personar. 17 fødte i 2. kvartal 2020 er omlag 9 under gjennomsnittet per kvartal dei siste 10 åra. 20 daude i same periode er omlag som snittet per kvartal dei siste åra (19 personar). Hittil i år gir det eit fødselsoverskot på 1 person (39 fødte og 38 daude).

Netto innvandring frå utlandet er på 3 personar i 2. kvartal, som gir ein netto tilflytting frå utlandet på 4 personar så langt i 2020. Netto innlandsk innflytting er - 26 personar i 2. kvartal, totalt - 43 personar hittil i år. Det er den innlandske mobiliteten som dei siste 3 åra har verka mest inn på folketalsutviklinga, og denne trenden held framleis fram i 2020.

2. tertialrapport 2020



Oppfølging av politiske saker

Status på oppfølging av politiske vedtak som krev oppfølging (unntatt reguleringsplanar).

Utval	Sak/årstall	Saksnamn/tiltak	Vedtak/handling
FS	019/14	Nagelltunet	Vindafjord kommune går i dialog med Nagelfondet om å avklare framtidige tenester og bruk av eksisterande og evt. nytt tomte
KS	20/15	Knapphus Industriområde	Knapphus næringsområde vert bygd ut som skissert i saksutgreiinga. Rådmannen vert beden om å leggja fram ei sak om organi arbeidet med tilrettelegging og omsetning av næringstomter i kommunen, der eksisterande eller eventuelt nytt tomteselskap e mellom alternativa.

2. tertialrapport 2020

DUK	41/15	Parkering Vindafjordtunet	Vindafjord kommune tar kontakt med vegvesenet om mogleg fotgjengarovergang frå Vindafjordtunet over FV 46 til sykkel- og
KS	6/16	Sak om opningstider NAV	Ordninga skal evaluerast innan utgongen av september 2016
KS	51/16	Leikeplasser i kommunale bustadfelt	Kommunen bestiller eksternt tilsyn for å få undersøkt kva leikeplassutstyr som må fjernast. Før kommunen fjernar utstyr og evt. legg mellombels ned leikeplassar som har utstyr som ikkje er halde vedlike (kategori 1 og 2) skal velforeiningar/grendeutval involverast med sikte på evt. avtale om vidareføring, drift og vedlikehald av leikeplassar. Før oppføring av nytt leikeplassutstyr, vert det inngått avtale med velforeiningar/grendeutval, der desse er etablert, om drift og vedlikehald av leikeplassar. Før oppføring av nytt leikeplassutstyr, vert det inngått avtale med velforeiningar/grendeutval, der det er etablert, om drift og vedlikehald av leikeplassar.
KS	51/16	Leikeplassar i kommunale byggefelt	Det skal utarbeidast retningslinjer for overdraging av leikeplassar til velforeiningar/grendeutval for vedlikehald i nye kommunale byggefelt
KS	10/17	Reforhandling av fastlegeavtalane	Ordføraren får fullmakt til å engasjere ein setterådmann som skal gjennomføre forhandlingane og saksbehandle resultatet for kommunestyret

2. tertialrapport 2020

KS	14/17	Grunngjeve spørsmål og interpelasjonar - Trafikksikring Skuleveg	Kommunestyret ber om at det blir sett i gang kartlegging i samarbeid med involverte parter av skuleveg og tilhøva rundt skulane i Vindafjord, med tanke på å få til ein prioritert handlingsplan for trygge skuleveg og trygge trafikale forhold for dei mjuke trafikantane rundt skulane våre.
KS	15/17	Oppføring av bufellesskap for funksjonshemma - Solbakken	Endeleg prosjekt og resultat frå anbod skal leggjast fram til politisk handsaming før byggjestart
KS	31/17	Flytting av tidspunkt for måltid	Flytting av middagsmåltidet ved Ølen omsorgssenter og Vindafjordtunet vert vurdert i samband med omorganiseringa av omsorgstenestestene. Det er eit vilkår at ein skal løyse dette innan eksisterande kostnadsramme
FS	17/17	Orienteringssaker - oversendelse	Formannskapet ber rådmannen fremja ei sak der flisfyring ved Vindafjordtunet og andre kommunale bygg i nærleiken vert vurdert
DUK	28/17	Referatsaker	DUK ber Rådmannen vurdere relevant lovverk med sikte på å regulere bruk av vannscooter i kommunen i lokal forskrift
KS	62/17	Grunngitte spørsmål	Evalueringsav IKT samarbeid med Etne

2018

2. tertialrapport 2020

KS	6/18	Evaluering av alkoholpolitiske retningslinjer	Rusførebyggjande tiltak for barn og unge skal ha eit eige kapittel i rulleringa av Helse- og omsorgsplanen
KS	10/18	Evaluering av brukarundersøkingar	Alle tenesteområda skal ha eit målretta system for brukardialog / brukarmedverknad.Vald metode og resultat frå brukardialog /brukarundersøkingar skal rapporterast til kommunestyret gjennom tertialrapportar og årsmelding
KS	29/18	Grunngjeve spørsmål - Renovasjon av herrelaust maritimt avfall	Kommunestyret ber rådmannen om å leggja fram sak om renovasjonsordning i samband med opprydding av herrelaust maritimt avfall i kommunen for DUK
KS	29/18	Grunngjeve spørsmål - trafiksikring Skuleveg	Kommunestyret ber DUK sjå på problemstillinga og kome med framlegg til mogelege forbetringstiltak for å sikre at mellom anna skuleveg og under kan ferdast trygt i våre lokalmiljø. Mellom anna gjeld dette sikhøve langs vegkryss, fortau og gang og sykkelveg, og høve ved utkøyringar.
FS	054/18	Referatsaker - Høyring AF-Decom	Ordførar og rådmann sender inn høyringsuttale frå kommunen. Dersom fristen tillet det, vil Formannskapet få høyringsuttalen tilsendt før innsending. Dersom ikkje, vil høyringsuttalen verta laust som referatsak.
FS	055/18	Orienteringssaker - Kartlegging og verdsetting av friluftsområde	Formannskapet har ikkje merknader til at arbeidet vert starta opp nå, men ber om å få seg førelagt sak i neste møte.
FS	062/18	Sal av eigedom - Revehalltomta	Vindafjord Kommune legg ut eigedommen "Revehalltomta" for sal med fastpris på kr. 2 500 000 med fastsette kriterier til konseptskisse.
KS	056/18	Grunngitte spørsmål og interpellasjonar	Rådmannen legg fram sak i OPOM om tiltak skulane har sett i verk for å hindre at elevar blir mobba av medelevar og vaksne på skule i Vindafjord.
DUK	038/18	Orienteringssaker	DUK ber Rådmannen ta kontakt med Fylkesmannen for å få ei orientering om Fylkesmannen sitt syn på klagesaker i eit DUK-møte.
KS	064/18	Grunngitte spørsmål	Vindafjord Kommune vil ta kontakt med selskapa som driftar dei ulike mobilnetta i Noreg for å drøfta dekning for mobiltelefon i kommunen.

2. tertialrapport 2020

KS	066/18	Forvaltningsrevisjon av EVIKT	Vindafjord Kommune ber rådmannen lage ein tiltaksplan for å følgje opp merknadane som kjem fram i rapport frå forvaltningsløpet av første kvartal 2019. Vidare skal evaluering av EVIKT leggjast fram som sak for kommunestyret i første kvartal 2019, og skal rådmannen sørge for fokus på og utvikling av kvaliteten på internkontroll i kommunen innanfor alle sektorar.
OPOM	039/18	Referatsaker - Høyring AF-Decom	OPOM ønskjer ei orientering/sak om dagtilbodet til demente i Vindafjord Kommune i neste møte
OPOM	041/18	Orienteringssaker	Kulturskulerektor lagar ei oversikt over tilbodet kulturskulen gjev per i dag. Denne oversikta blir lagt på nett og sendt til utvalste
FS	084/18	Orienteringssaker	Formannskapet ber rådmannen leggja fram sak for Formannskapet for endeleg godkjenning når det gjeld kartlegging av viktige turområde og verdsetjing av friluftsområde i kommunen.
KS	074/18	Godkjenning av møteprotokoll	Per Fatland sin interpellasjon "Frådelingspolitikk i landbruket i Vindafjord" vert oversendt DUK for vurdering om det skal lagast dette.
KS	084/18	Grunngitte spørsmål og interpellasjoner	Det vert laga ein handlingsplan for vidare arbeid med vegen i Skjoldavik og lagt fram som sak i DUK
2019			
KS	005/19	Andre gangs behandling av Detaljregulering for Søndena bustadområde	Rådmannen kjem tilbake med ei eiga sak om korleis planen skal følgjast opp så snart som mogeleg.
FS	020/19	Sal av kommunalt areal ved teknisk bygg - Sandeid gnr/bnr. 13/221	Før ein tar endeleg stilling til sal av naudsynt parkeringsareal, ber ein rådmannen koma tilbake til formannskapet med ei vurdering totalbeov for parkering i og rundt sadeid skule, parken og teknisk bygg
FS	021/19	Dommersnes - mogeleg framtidig prosjekt	1. Vindafjord Kommune ønskjer å inngå intensjonsavtale om leige og leigeavtale for kaianlegg og delar av industriområdet på Dommersnes for 2021/2022. 2. Rådmannen får fullmakt til å inngå intensjonsavtale og leigeavtale for området.

2. tertialrapport 2020

KS	010/19	Referatsaker - svar på førespurnad til Kommunestyret om kjøp av eieendom i Vikedal	Forslag frå Håvås - Ber om at saka blir med i arbeidet med neste økonomiplan
KS	012/19	Interpellasjonar	Frå og med 1. kvartal 2019, skal det leggjast fram månadsrapport, månadleg som orientering til formannskapet, og kvartalsvis s til kommunestyret
KS	012/19	Interpellasjonar	Vindafjord Kommunestyre ber Rådmannen leggja fram ei sak der ein ser på konsekvensane ved å ikkje gjennomføra fråtrekk av barnetrygd i utbetaling av sosialstønad.
KS	015/19	Demensvennlege samfunn i Vindafjord Kommune	1. Vindafjord Kommune inngår samarbeidsavtale med nasjonalforeningen for folkehelsen med mål om å leggje til rette for eit demensvennleg samfunn. 2. Vindafjord Kommune etablerer ei arbeidsgruppe med ansvar for å utarbeida plan og tiltak for å leggje til rette for eit meir demensvennleg samfunn.
FS	023/19	Referatsaker	Til referatsak 028/19 - Søknad om sponsorpakke Vindafjordbonden AS Formannskapet ber Rådmannen leggje fram ei sak for dette i neste formannskapsmøte.
FS	023/19	Referatsaker	Til referatsak 030/19 - søknad driftsstøtte 2019 for Kirkens SOS Rogaland - Formannskapet ber om at søknaden vert styrt til OP referatsak
KS	020/19	Grunngitte spørsmål	Ordføraren vil ta initiativ til eit møte mellom Statens Vegvesen, Gruppa som har jobba fram planforslaget for sentrumsområda Ølensvåg og Vindafjord kommune for å sjå om ein kan finna mellombels løysingar som kan trygga dei mjuke trafikkantane når ein ut på området mellom Omega, Kiwi/Medvind og Circle K.

2. tertialrapport 2020

KS	027/19	Stortingsmelding 15 (2017-2018) - Leve heile livet - ei kvalitetsreform for eldre	1. Meld.St. 15 (2017-2018) Leve hele livet-ei kvalitetsreform for eldre, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet og utvikling av framtidige eldreomsorga i Vindafjord kommune. 2. Vindafjord kommunestyre ber Rådmannen oppretta ei arbeidsgruppe som skal arbeida med lokal oppfølging av reforma «Leve livet, en kvalitetsreform for eldre». Arbeidsgruppa skal samarbeida med frivillige aktørar, lag og organisasjonar, privat næringsliv og andre relevante grupper.
FS	042/19	Første gangs handsaming av detaljregulering for Ølmedal Camping	Formannskapet ber Rådmannen anmoda Vegvesenet om at fartsgrensa gjennom campingplassen i Ølmedal vert redusert.
FS	047/19	Eigedomsskatt - val av metode ved ny alminnelig taksering	Formannskapet ber Rådmannen til kommunestyret leggja fram eksempler på korleis formuesgrunnlag kan gje utslag i takstverdi.
KS	053/19	Økonomi - Framlegg til innsparingar	1. Vindafjord kommunestyre ber rådmannen leggja fram ei sak som viser alternative måtar å organisera omsorgstenesta i kommunen med talfesta innsparingar i drifta, utan å leggja ned Ølen omsorgssenter. Moglege investeringsbehov må greiast ut og talfestast, konsekvensane for brukarane må gjerast grundig greie for. Brukarar og tilsette må vera representert i arbeidet. Kommunestyret ber om at det vert: - Starta prosess saman med styret i Vindafjordhallen for å redusera drifts- og vedlikehaldskostnadene i etterkant av at hallen blir ned, og dermed redusera det kommunale - Ikkje gjennomføra planlagde kommunale planoppgåver dette året: - Ny veg mellom byggefelt i Isvik - Endring av plan for tilkomst Ølen Idrettsanlegg - Starta prosessar med å redusera den kommunale bygningsmassen, inkludert sal av: - Eide gamle barnehage - Vikedal gamle barnehage - Bankbygget i Sandeid - Starta prosess med sal av Vindafjord kommune sine skogeigedommar 2. Vindafjord kommunestyre ser positivt på rådmannen sine administrativt fatta tiltak for å redusera meirforbruket ut 2019, og dette til orientering.

2. tertialrapport 2020

KS	053/19	Regionalt utviklingsfond Haugalandet	1. Vindafjord Kommune styrkar det regionale utviklingsfondet på Haugalandet med kr. 296 575,- Midlane blir dekket av ekstraordinært utbytte frå Haugaland kraft. 2. Vindafjord Kommune vedtar oppdaterte vedtekter for regionalt fond for Haugalandet.
FS	078/19	Grunngjevne spørsmål og interpellasjonar - Statlig finansiering av omsorgstenester	Vindafjord formannskap ber rådmannen om å utgreie deltaking i statleg finansiering av omsorgstenester og koma attende til formannskapet den 3. desember og til kommunestyret den 17. desember med sak om dette slik at vedtak kan fattast innan søknadsfristen for ordninga.
KS	085/19	Revisjonsrapport -Rus og psykiatritenesta	1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Rus- og psykiatritenesta» og tek del i orientering. 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar. 3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.
KS	086/19	Val av styre, råd og utval for perioden 2019-2023	Vindafjord kommunestyre ber rådmannen syta for at det vert arbeidd med ein gjennomgang av kva råd og utval som er operativt, og at det vert laga ein kort omtale for kvart utval. Med i omtalen kan vera: Heimel, aktivitet, rolle for den som er innvald og kven ein rapporterer til.

2. tertialrapport 2020

FS	087/19	Kjøp av eigedom og etablering av utbyggingsselskap til næringsformål på Nerheim i Ølen	Vindafjord kommune godkjenner kjøp av eigedom gnr. 290 bnr. 43, 88, 10 og 1 til førebels berekna pris på 15 030 225,-. Totalt ca 133 daa, endeleg oppgjør skjer etter oppmåling av resp. areal. Vindafjord kommune etablerar, saman med andre private aktørar, eit aksjeselskap for utvikling av deler av Nerheim næringsområde. Selskapet skal ha ein aksjekapital på kr. 500 000, og Vindafjord Kommune går inn med ein eigenkapital ved etablering på inntil kr. 500 000,-. Vindafjord Kommune sin andel vert dekkja gjennom avsette investeringsmidlar på Budsjettet for 2020. Selskapet skal leggja grunn dei premiss som er omtalt i saka. Dersom det vil vere behov for ein høgare aksjekapital/eigenkapital i selskapet seinare, får Rådmannen fullmakt til å teikne og innlei eit kapitalinnskott på inntil kr 1,99 mill ,- for å oppretthalde Vindafjord kommune sin eigarandel i selskapet. Dette vert dekkja gjennom avsette investeringsmidlar på Budsjettet for 2020. Det skal utarbeidast ein aksjonæravtale for selskapet. Denne skal opp til endeleg behandling i formannskapet.
----	--------	--	---

2020

FS	011/20	Søknad om justering av grense mellom Vik og Haugen Grunnkrets	Saka vert utsett, då den ikkje er tilstrekkeleg opplyst og utgreidd i forhold til konsekvens, kostnad og grensealternativ.
KS	004/20	Grunngitte spørsmål og interpellasjoner	Kommunestyret ber rådmannen utgreia ei sak om funksjonshemma og fritid/feriereiser til O og Kommunestyret.
KS	004/20	Grunngitte spørsmål og interpellasjoner	1. Kommunestyret ber rådmannen så snart som råd leggje fram sak om videooverføring av møta i formannskapet, OPOM, DUK og kontrollutvalet etter at dei respektive utvala har hatt saka til handsaming. 2. Kommunestyret ber rådmannen vurdere korleis arbeidet rundt offentleggjering av innkallingar, saklister og protokollar/videoopptak for møter i Vindafjord sine faste råd og utval i større grad kan foregå i tråd med offentleglova og intensjonane i kommunelova.

2. tertialrapport 2020

KS	004/20	Grunngitte spørsmål og interpellasjoner	Vindafjord kommunestyre ber rådmannen leggja fram: 1. Sak om målretta system for brukardialog/brukarmedverknad for alle tenestekområda. 2. Tilbakemelding om Vindafjord kommune sin systematikk for medarbeidarundersøkingar og – medverknad. Det er ønskeleg med fagorganisasjonane sitt syn på eit slikt system.
KS	009/20	Kommunal beredskap og kriseleiing - utvida fullmakt til rådmannen	Vindafjord kommunestyre utvidar Rådmannen si fullmakt i Plan for Kommunal beredskap og kriseleiing i Vindafjord Kommune 3.4 til kr. 15 000 000,-. Rådmannen rapporterar løpande om bruk og behov for midlar.
KS	016/20	Ungdomsråd	1. Kommunestyret opprettar Vindafjord ungdomsråd. 2. Reglement for ungdomsrådet vert vedtatt slik det ligg ved saka. 3. Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å organisera val av ungdomsrådet. Val av ungdomsråd vert gjort av kommunestyret.
KS	019/20	Regionalt reiselivsfond	1. Vindafjord Kommune deltar i oppretting av Regionalt reiselivsfond for Haugalandet, 2. Vindafjord Kommune skyt inn 411 874 kroner i Regionalt reiselivsfond for Haugalandet ut frå innbyggjartal per 1.1.2020. Beløp løyvd frå generelt disposisjonsfond (art 25699010). 3. Vindafjord Kommune vedtar vedtekter for Regionalt reiselivsfond for Haugalandet 4. Vedtaket vert gjort under føresetnad at Karmøy, Bokn, Tysvær, Sveio og Haugesund kommunar gjer tilsvarende vedtak.

2. tertialrapport 2020

KS	032/20	Vindafjordhallen - megelegheitsstudie	1. Det vert gjennomført ein moglegheitsstudie for den nye Vindafjordhallen i Vats. 2. I studien skal ein vurdere framtidige behov som bygda og kommunen har, og korleis eit nybygg kan stette dette. Det er naturleg å vurdere eit bygg med svømmeanlegg og kultur-/bygdehus. Studien skal og vurdere om bygget kan ha fleire/andre funksjonar enn før. 3. I prosessen skal ein invitere til medverknad frå innbyggjarar og interesseorganisasjonar knytt til både innhald, funksjon, moglege driftsformer og korleis drifta kan finansierast. Det kan vere aktuelt å gjennomføre brukarundersøking for å kartlegge behov hjå innbyggjarane. 4. Studien skal estimere investeringskostnad ved ulike alternativ. Aktuelle samarbeidspartnarar bør kartleggast, både på investerings- og driftssida. 5. Studien skal vera eit kunnskapsgrunnlag i prosessen fram mot endeleg vedtak om bygging av ny Vindafjordhall i Vats. Kostnadane ved studien vert dekkja av ubrukte tilskotsmiddel sett av til drift av Vindafjordhallen. Kostnadsramma for studien skal godkjennast av formannskapet.
----	--------	--	--

Vedlegg

Linker til aktuelle vedlegg til saka.

[1. tertialrapport 2020](#)

[Budsjett 2020 - Økonomiplan 2020-2023](#)

Forslag til budsjettjusteringer ekskl. bruk av/avsetning til fond

Beløp i 1000

Budsjettjustering	Type	2020	2021	2022	2023	2024
1-Finans						
Meirinntekt Havbruksfondet 2. tertialrapport	60	-6 800	0	0	0	0
Budsjettendringer						
Avsetting av ekstrainntekter frå	60	6 800	0	0	0	0
Havbruksfondet til fond	Budsjettendringer					
Ekstra tiltaksmidler vedlikehald bygg og anlegg (Covid-19)	60	-3 800	0	0	0	0
Budsjettendringer						
Teknisk justering: renter lån vatn og avlaup	60	6 839	0	0	0	0
Budsjettendringer						
Forventa auka skatteinntekter og redusert inntektsutjamning (netto effekt)	60	-8 200	0	0	0	0
Budsjettendringer						
Avsetting av ekstra skatteinntekter til fond som buffer mot meirforbruk i einingane	60	8 200	0	0	0	0
Budsjettendringer						
Sum Finans		3 039	0	0	0	0
5-Forvaltning, drift og utvikling						
Teknisk justering: renter lån vatn og avlaup	60	-6 839	0	0	0	0
Budsjettendringer						
Auka ramme som følge av tiltaksmidler bygg og anlegg (Covid-19)	60	3 800	0	0	0	0
Budsjettendringer						
Sum Forvaltning, drift og utvikling		-3 039	0	0	0	0
Totalt		0	0	0	0	0